



ÅRSMELDING

for

Tysnes kommune

2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
11/24	2417/11	001	FSK/FEL/AUHO	

ÅRSMELDING 2010

<u>Innleiring</u>	3
<u>1 Økonomi</u>	7
<u>1.1 Positive avvik</u>	7
<u>1.2 Hovudtal</u>	9
<u>2 Årsrapport for sektorane.....</u>	13
<u>2.1 Sentraladministrasjonen</u>	13
<u>2.1.1 Organisasjon</u>	13
<u>2.1.2 Politisk aktivitet.....</u>	13
<u>2.1.3 Økonomisk resultat.....</u>	13
<u>2.1.4 Oppnådde resultat</u>	13
<u>2.1.5 Samla vurdering.....</u>	19
<u>2.2 Undervisning</u>	19
<u>2.2.1 Organisasjon</u>	19
<u>2.2.2 Politisk aktivitet.....</u>	21
<u>2.2.3 Økonomisk resultat.....</u>	21
<u>2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram.....</u>	21
<u>2.2.5 Fråvær</u>	22
<u>2.2.6 Samandrag</u>	27
<u>2.3 Helse og sosial</u>	28
<u>2.3.1 Økonomisk resultat.....</u>	28
<u>2.3.2 Utviklingstrekk i etaten</u>	28
<u>2.3.3. Helseavdelinga</u>	29
<u>2.3.4 Sosialavdelinga</u>	32
<u>2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga</u>	32
<u>2.4 Landbruk- og teknisk etat</u>	38
<u>2.4.1 Organisasjon</u>	39

2.4.2 Politisk aktivitet.....39

2.4.3 Økonomisk resultat - Drift og investeringar.....39

Innleiing

Då kommunen som verksemde utarbeidde si første årsmelding i 1988, var detaljnivået noko annleis enn det me har praktisert i bortimot dei siste 10 åra. Ein del kommunestyrerepresentantar tykte vel om å få ut desse relativt omfangsrike meldingane på pluss/minus 100 sider. Me har no i fleire år bede etatane å halda seg innan ei råme på ca 10 meldingssider. Med noko liknande frå oss i sentraladministrasjonen skulle me koma ut med mellom 40- og 50 sider. Det har me stort sett klart, men det er ofte ei utfordring både for etatane og rådmanns-/økonomikontoret å makta og fatta seg i såpass ”korthet”. Årsmeldinga skal gje grove riss og hovudtrekk, men det er ofte vanskeleg for dei av oss som har arbeidd ”tett” på ymse forvaltningsområde å unngå ”viktige detaljar”.

Leisten for årsmeldingsmalen har også vorte tilpassa gjennom åra. Me har gått noko vekk frå teoretiske modellar og funne praktiske mellomløysingar. Dette saman med detaljeringsgraden har stort sett vist seg å verta rimeleg oversiktlege, innhaldsmessig korrekte og godt mottekne meldingar.

I 2010 kan me neppe ”skilta” med same nivået på det ”historiske” som i 2009 – nemleg Kongen og Dronninga si vitjing!

Det vart likevel mange mindre forhold å gleda seg over i 2010:

Trass i litt dystre utsikter i løpet av året vart rekneskapen 2010 til slutt oppgjort med eit gledeleg mindreforbruk/overskot på ca. 1.3 mill. Sjå nærmare under 1. Økonomi.

I 2010 vart det nye byggjefeltet på Kattaland klart - her er både individuelle tomter og fleirhustomter; for fleire detaljer sjå under 2.4 Landbruk- og teknisk etat. – Vidareutbygging av det store byggjefeltet i Vågsmarka kom i gang som byggjesteg VI mot slutten av fjoråret. Me reknar med at den nye delen av feltet vert klart for sal mot slutten av første halvår.

Hausten 2010 kunne elevane ved Onarheim skule flytta tilbake frå sitt ”eksil” på Tveit til eit godt rehabiliteret skulebygg. Sjå under 2.2 Undervisning.

Ny vegutløysing til Vågsmarka kom godt i gang i 2010. Dette arbeidet vil verta fullført i første halvår.

Gravplassen på Gjerstad vart slutført tidleg i 2010 og han vart vigsla i fjor vår.

Dei største investeringstiltaka etter økonomiplanen – nytt omsorgssenter og ny sentralbarnehage – har av mangslungne grunnar ikkje kome til igangsetjing. Kommunestyret har rett nok gjort vedtak om at det nye omsorgssenteret skal lokaliserast i Uggdal. Likevel på andre sida av fylkesvegen i høve der eksisterande sjukeheim ligg. Etter vedtaket skal me freista å sjå potensiala i eksisterande kommunal bygningsmasse på ”noverande” side av fylkesvegen opp mot samknytings-/sambindings-/sambrukseffektane mot den bygningsmassen som skal koma på ”hi” sida av fylkesvegen. – Det logiske og rasjonelle i dette vil truleg etterkvart verta betre underbygt/avdekka. Me har inngått opsjonsavtale med grunneigar. Før sjølve senteret kan nærmare planleggjast og prosjekterast må blant anna det arealmessige klarerast gjennom både kommuneplanen og ein reguleringsplan. Me bør òg ha med oss inn i prosjektet realite-

tane/konsekvensane av samhandlingsreforma. Dei kan på skrivande tidspunkt ikkje seiast å framstå svært klare! – Den endelege sentralbarnehageløysinga må pr. i dag kunna seiast å vera uavklart. Når skulebruksplanen vert vedteken i 2011 vil han indirekte kunna utløysa kvar den nye barnehagen vert plassert.

Folketalsutviklinga i Tysnes har, som i ei rekke andre småkommunar, hatt ein lei tendens til å stagnera og helst visa negativ retning/utvikling. Dette trass i ulike større og mindre tiltak frå kommunen si side både på tiltaks-, nærings- og kulturpolitiske plan, samt i infrastrukturelle samanhengar. På eitt område er dette særleg merkbart – med relativt radikal nedgang på tal barn i skulepliktig alder; sjå nærmere under 2.2 – Undervisning.

Som følgje av nedgang i elevtalet vedtok kommunestyret hausten 2010 å leggja Reksteren skule mellombels ned frå 1. august 2011. – Når skulebruksplanen vert handsama av kommunestyret i juni i år, vil det skulestrukturelle kunna vurderast på eit breiare og betre grunnlag – det står likevel att å sjå kva praktisk politikk vil resultera i i eit valår!

I 2010 hadde me som vanleg fleire statlege tilsyn. På skulesektoren var det tilsyn frå fylkesmannen opp mot elevane sin rett til godt psykososialt skolemiljø; sjå 2.2. Arbeidstilsynet varsla at dei ønskte å gjennomføra tilsyn i kommunen 14.12.10. Tilsynet vart utsett til 04.01.11, og det hadde særleg fokus på: omstillingar i verksemda, tilsette sin medverknad i HMS-arbeidet, bedriftshelsetenesta og status i planar for utbetring av skule og barnehage. – Pålegg som kom innan skule er retta opp. Me har i mars 2011 motteke pålegg frå Arbeidstilsynet som skal vera gjennomførte innan 1. juni i år. – Mot slutten av 2010 fekk me melding om tilsyn frå fylkesmannen si beredskapsavdeling. Tilsynet skal haldast 16.- og 17. mars. Kommunen hadde tilsyn frå beredskapsavdelinga for ganske nøyaktig 4 år sidan. – Dei ulike statlege tilsyna kjem relativt hyppig og gjev ein del til organisasjonen. Men tilsyna krev samstundes ikkje ubetydeleg frå det administrative apparatet. Dei kan på fleire vis seiast å vera ”byråkratiserande”, og fordrar tid og merksemeld frå store delar av organisasjonen. Sett opp mot at alle kommunar også har eigne kontrollutval med dertil høyrande rapporteringar gjennom forvaltingsrevisjonar og anna, kan det i det minste forsiktig spørjast om det verkeleg er trøng for ”alt dette”, og i alle fall om det er god utnytting av knappe ressursar i små og rimeleg overiktlege kommunar!

På det overordna administrative planet vart det ein del endringar i 2010. Kommunestyret tilsette ny rådmann hausten 2010. Han inntok jobben medio januar 2011. Ny landbruk og teknisk sjef var på plass i rådhuset medio september 2010. Tidlegare teknisk sjef gjekk over i nyopprettet plansjefstilling i rådmannen sin stab frå 1. januar 2010. Nestlearen ved etaten var konstituert i etatsjefstillinga til ny etatsjef tiltrådde.

Frå og med 2011 vil me få relativt store utskiftingar i blant anna administrativt personell på rådhuset. – Reint generelt kan me med tilvising til innspela frå etatane ha framtidsvyer opp mot både rekruttering av kompetent personell på svært mange av fagområda i den kommunale verksemda; likeså å halda på mange av dei dyktige fagfolka me har i totalorganisasjonen vår. – Naturlege avgangar vil likevel koma, og i ein del slike fasar kan det til tider vera høveleg å fasa ut eksisterande strukturar og prøva litt andre tilpassingar; ha her blant anna i mente både dei føringane kommunestyret gjorde i budsjett og økonomiplansaka i desember 2010 og det som måtte koma som eit resultat av skulebruksplanen.

Kommuneplanarbeidet vart formelt sett i gang tidleg i 2010. Det vart også oppfølginga av stanalyisen for Fjordlandsbyen Våge med oppstart av framlegg til reguleringsplan for Våge

sentrum. Likeså oppstart av planarbeid for Onarheim sentrum. – I forhold til den framtidige planlegginga i strandsona både her i Tysnes og i resten av Sunnhordland, er det å vona at me saman når fram til ei ”lukkeleg løysing” i det arbeidet som har vorte gjort for å oppmjuka gjeldande regelverk og at me aller helst kjem i kategori/sone 3. – Me minner i denne sammenhengen blant anna om fylkesmannen si motsegn i 2010 i høve småbåthamn på Gjerstad/i Gjersvik – framtida bør vonleg vera ljos for å finna ei tenleg løysing både i denne og andre saker i strandsona.

I meldingsåret vart det arbeidd aktivt med framlegg til klima- og energiplan. Planen vart vedteken i kommunestyremøtet i februar 2011.

Kommunestyret vedtok i november kommunen sin første overordna IT – beredskapsplan.

Kommunen er tilliks med dei fleste kommunane i Hordaland medlem i Hordaland Interkommunale Arkiv. Dei gjev støtte til kommunane både av teoretisk, teknisk og praktisk art.

Byggjeaktiviteten i kommunen har vore bra også i 2010. Tendensen med bygging for sal og utleie har halde fram. – Kapasiteten på landbruk- og teknisk etat innan både byggjesak og kart/oppmåling har variert noko gjennom meldingsåret – mot slutten av året kan me sei han var midt på ”treet”; sjå elles under 2.4.

Næringslivet har gått rimeleg bra i 2010. – I framtidsperspektivet ser me framleis etter dei aktivitetane som bør koma på det flotte næringsområdet i Nedrevåge! Kva framtidsperspektiv me skal leggja inn på Heningen, etter at kommunestyret mot slutten av 2010 valde å kjøpa dette ferdig tilrettelagde området med påståande byggverk, vert vonaleg avklart i løpet av 2011.

Næringsrådet vart ”vekt opp av dvalen” seinhaustes i meldingsåret.

På det overordna infrastrukturelle planet har ordføraren og plansjefen representert kommunen i samarbeidsgruppa som har jobba med konseptutvalsutgreiinga(KVU) E39 Aksdal – Bergen. Denne sak/den faglege rapporten er tidleg i vår oversendt Samferdselsdepartementet. Den faglege rapporten skal så blant anna på høyring før regjeringa skal ta stilling til konsepta sin vidare lagnad. – I 2010 var det elles kontaktar/møte/synfaring med fylkeskommunen/ vegvesenet med ulike siktetmål. Blant anna mykje dårlig vegdekke/asfalt og ferdiggjering på strekninga Nedrevåge – Vattedal, samt utbygging av den offentlege kaien i Våge som følgje av dei justeringane m.v. som vart gjort på ferjelemmen o.a. hausten 2010. – I meldingsåret kom det ved hjelp av KID – midlar,(statleg tilskotsordning for betre kollektivtransport i distrikta), i gang tingingsordning med drosje/minibuss på strekninga Våge – Malkenes. Formannskapet sökte om vidareføring av denne løysinga i desember 2010, og kommunen har no fått melding om at tingingsordninga Våge-Malkenes held fram i 2011.

Det vart gjort ein del tekniske oppdateringar på kommunen si nettside i 2008 og 2009. Tida er i røynda overmogen for ytterlegare tilpassingar og oppdateringar på heimesida. Dette bør vera ei klar målsetjing i nærmaste framtid slik at me på ein betre måte kan tena både innbyggjarane og dei politiske utvala. Det vil og på mange vis vera ”utgifter til inntekts ervervelse”, og me vil gjennom betre løysingar stadig koma nærrare å verta ein ”døgnopen kommune”.

Nytt økonomisystem vart arbeidd med i 2010. Anbodsrunde vart gjennomført, og

EDB ErgoGroup vann denne. Innføringa av systemet er no godt i gjenge i eit fint samarbeid mellom kommunane Fusa, Samnanger og Tysnes.

Etter anbodsrunde i 2010 vart det skifte av revisjonsfirma frå KPMG til Deloitte midtårs 2010.

Etter anbodsrunde for kommunane Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes er det etablert ny avtale med Waco Forsikringsmekling.

Kommunane Bømlo, Stord og Tysnes har etter anbodskonkurranse inngått avtale med Bergen Energi om kraftkjøp. Stord kommune er vertskommune for ordninga og direkte kunde på kraftbørsen. Det er inngått internavtalar mellom kommunane.

1. Økonomi

Tysnes kommune har i 2010 eit overskot på kr. 1.321.407,42.

Det var budsjettet med eit "overskot" på 1.885.726 som skulle avsetjast på fond.

Utgiftene til investering i 2010 vart ikkje så store som budsjettet. Dette skuldast først og fremst at ein ikkje kom i gang med bygging av ny barnehage. Vidare var det planlagt investeringar både i kai og veg som ikkje vart gjennomført. I driftsbudsjettet var det lagt inn ei inntekt på kr. 6.592.000 i momskompensasjon frå investeringar. Hausten 2010 vart budsjettet endra slik at forventa momskompensasjonen vart redusert til kr. 4.706.274. Reduksjonen på kr.1.885.726 var lik budsjettet overskot. Forventa overskot vart i haust sett til 0.

Følgjen av lågare investeringar blir mindre inntekt av momskompensasjonen – nettoinntekt av momskompensasjonen i drift vart i 2010 på ca. kr.1.925.000. Det negative avviket er stort. Dette saman med forventa millionunderskot i helse- og sosialetaten gjorde utsiktene til rekneskapsoverskot minimale.

POSITIVE AVVIK; **Auka renteinntekt;**

Mindre investeringar - mindre utbetalingar - gjev høgare renteinntekter til kommunen. Positivt avvik på ca. 580.000.

Reduserte renteutgifter;

Rentenivået i Kommunalbanken og Husbanken har vore svært lågt i 2010. Dette har medført lågare renteutgifter enn budsjettet. Positivt avvik utgjer ca. 630.000.

Positive avvik for to av etatane;
Oppvekstetaten kjem ut med eit positivt avvik på over kr. 1 mill.

Landbruk- og teknisk etat kjem ut med eit positivt avvik på nær. kr. 1,5 mill.
Etatane kommenterer avvika.

Rekneskapen for sentraladministrasjonen syner eit positivt avvik på ca.3 millionar kroner.

Hovudforklaringa er slik;

I budsjett 2010 vart det lagt inn ca. 1,5 mill. til planarbeid. Ein budsjetterte m.a. med kjøp av konsulenttenester for kr. 800.000. I 2010 vart det innleigd lite konsulenthjelp dette førte til - ei mindreutgift – positivt avvik på kr. 706.000.

Fellesfunksjoner har eit positivt avvik på 1,6 mill. Forklaringa er eit positivt premieavvik på ca kr. 2 mill. Det vart i 2010 budsjettert med 1 mill.i AFP- kostnader. Det er brukt ca 300.000 meir enn budsjett.

Elles er det positive avvik på områda; politisk styring og kontroll, rådmannskontoret, økonomikontoret, kultur.

Avviket under er ikkje teke med i summen på 3 mill.

På ansvar 1.1430 Næringsutvikling er det eit positivt avvik på 970'. Forklaringa er inntektsføring av kr. 950.000 "attendebetaling" av lån som vart gjeve Dag Christensen i 2004.

Det er overført kr. 950.000 til investeringsrekneskapen for delfinansiering av kjøp av Ensy-eigedommen, men utgifta er ført på Hk 1.9 Finans.

Nye statlege midlar;

Staten løyvde 2 "ekstra" milliardar hausten 2010 - av desse fekk Tysnes kommune kr. 769.000.

Premieavvik i millionklassen;

I 2010 er det inntektsført tilsaman kr. 2.448.870 i premieavvik i KLP og Statens pensjonskasse. Det er vidare utgiftsført kr. 456.451 i amortisering av tidlegare års premieavvik. Dette betyr eit positivt avvik på nær kr. 2 mill.

Det er viktig å vera klar over at det positive premieavviket i 2010 skal fordelast og utgiftsførast dei neste 15 åra. Me ser av oppsettet under at premieavviket varierer mykje frå år til år (minus tyder inntekt i dette oppsettet);

	Premieavvik	Amortisering	Sum
År 2005:	1.849.522		1.849.522
År 2006:	216.329	196.187	412.516
År 2007:	-779.234	181.766	-597.468
År 2008:	-2.966.140	233.715	-2.732.425
År 2009:	-374.923	431.457	56.534
Åt 2010:	-2.448.870	456.451	-1.992.419

Nye statlege midlar, positivt premieavvik saman med mindreforbruk på to etatar og i sentraladministrasjonen, gjorde at Tysnes kommune også i 2010 kom ut med eit positivt resultat.

HOVUDTAL:

Inntekter;

Skatt/rammetilskot frå staten (art 870 og 800);

Det vart budsjettert med kr. 133,925 millioner i skatt og rammetilskot. I statsbudsjettet var det føresett ei auka skatteinntekt på 6,4 % frå 2009 til 2010.

På nyåret fekk me melding om at kommunen ville få kr. 900.000 mindre i inntekt på grunn av redusert folketal pr. 1. januar 2010.

Hausten 2010 fekk Tysnes kommune 769.000 i ekstramidlar frå staten. Vidare vart auken i skatteinntekter på landsbasist 6,7 % som var høgare enn føresett i statsbudsjettet. Summen av dette førte til at Tysnes kommune fekk ei inntekt på kr. 134,148 mill. altså noko høgare enn budsjett.

Eigedomsskatt (art 874:875);

Det er i 2010 inntektsført kr. 4,9 mill. mot budsjett 5 mill.

Andre generelle statstilskot (art 810:829);

Rekneskapen syner ei inntekt på kr. 4.327'. Det var lagt inn kr. 3.645' i budsjettet. Det største avviket gjeld skjønstillskot barnehage der ein fekk 670' meir enn budsjettet.
Skjønstillskot barnehagane kr. 1.969.997 budsjett 1,3 mill.

Andre inntekter i denne gruppa var bustønad med kr. 790.221. Det var budsjettet med kr. 709.800.

Rentekompensasjon skule- og omsorgsbustader er rekneskapsført med kr. 1.563.524 i budsjett 1.635.000.

Inntekter frå brukerbetaling (art 600:619);

Det er i 2010 inntektsført 11 mill., det er samme nivå som i 2009, men det er 170' lågare enn revidert budsjett.

Her kjem inntekter frå foreldrebetaling barnehage og SFO. Vidare er det betaling for institusjonsopphald, her er det eit negativt avvik i høve til budsjett på ca. 250'. Eigenbetaling hjå lækjar syner eit positivt avvik på over 200'.

Andre sals- og leigeinntekter (art 620:670);

Det er inntektsført 12,9 mill. i rekneskapen. I budsjettet var det lagt inn litt over 13,1 mill. Sal av varer og tjenester på art 620- er inntektsført med kr. 3,5 mill som er 350' lågare enn budsjett. Mindreinntekt på 440' på oppmåling forklarer avviket.

Husleigeinntekt på art 6300 er det inntektsført kr. 3,3 mill som er ca. 300' meir enn budsjett. Avgiftspliktige gebyr på art 6400 er inntektsført med kr. 5,85 mill. det eit negativt avvik på ca. 150'. Det er mindre inntekt enn budsjettet både på feiring, kloakk og renovasjon.

Overføring med krav til motyting (art 700:780);

Det er inntektsført kr. 31,8 mill. Budsjett på kr. 24,1 mill. Det er eit positivt avvik på 7,7 mill. Meirinntekt sjuke-/fødselspengar utgjer over kr. 5,5 mill. Oppvekstetaten har motteke 1,4 mill. meir enn budsjett i statlege midlar m.a. ca. 0,5 mill. meit til framandspråkopplæring (innvandrar- flyktningeundervisning).

Inntektsutvikling dei siste åra;

Det er liten auke i inntektene frå 2009 til 2010. Tal i heile 1000.

	2010	2009	2008
Skatt	56.445	54.948	51.949
Rammetilsk	77.702	73.365	63.462
Momskomp.inv.	1.925	4.065	454
Renteref.skule	600	762	878
Renteref.sjukeh	963	1.216	1.428
Eigedomskatt	4.898	5.081	0
Sum	142.533	139.437	118.171

Lønskostnader;

Totale lønskostnader i 2010 utgjorde kr. 138,7 mill. Revidert budsjett er på kr. 137,2 mill. Vidare er det inntektsført kr. 6,6 mill. i sjukepengar/fødselspengar. Det budsjetterte beløpet er kr. 1,1 mill.

År:	Lønskostn. totalt	Sosiale kostn.
2007:	117,2	23,9
2008:	126,8	25,8
2009:	135,5	28,1
2010:	138,7	28,0

Det er nytta innleidd hjelpebidrag på helse- og sosialetaten med kr. 3,2 mill.

Lån og avdrag på lån;

Lånegjelda er ved utgangen av 2010 på kr. 140 mill. Det er teke opp 19,5 mill i nye lån. Av dette utgjer eit startlån til vidare utlån kr. 4 mill.

Det er betalt avdrag på lån på tilsaman kr. 7.840' i 2010. I 2009 var avdraga kr. 6.281'. Kr. 26,8 mill. er lån med bunde rente. Dette utgjer 19,2 % av lå nemassen, noko som er under målet om minst 20 % lån med bunde rente.

Notane viser lån med bunde rente og vilkåra.

Kommunen sine fond ved årsskiftet finn ein i note 8.

Konklusjon

I årsmeldinga for 2009 kunne me ”skryta” over at kommunen sitt overskot på vel kr 4,7 mill var historisk høgt!

Mindreforbruket/overskotet i 2010 vart ikkje av slike dimensjonar som me hadde året før. Det hadde me heller ikkje venta! Slik me har sett utviklinga gjennom året, må det likevel klart seiast å vera gledeleg når me ved årets slutt kom ut med ein pluss på ca kr. 1.32 mill!

Grunnane til at kommunen også i 2010 kom ut med eit fint overskot, ligg blant anna i auka renteinntekter, reduserte renteutgifter, nye statlege midlar, positivt premieavvik i forhold til pensjonsordningane og mindreforbruk i sentraladministrasjonen og på to av etatane; for nærrare detaljer sjå rekneskapsdokumentet og innleiinga her under 1. Økonomi.

Det vitnar om god budsjettdisiplin når både skuleetaten, landbruk- og teknisk etat og sentraladministrasjonen kjem ut med betydeleg mindre forbruk enn det som var føresett i budsjettet. Helse- og sosialetaten har ”slite” med å halda rammene, særleg innan følgjande område: barnevern, sjukeheim, heimesjukepleie, bustader for pu i Uggdal og i Vågsmarka. For nærrare informasjon sjå under 2.3.

Me finn også for 2010 det naturleg å nemna innkjøpssamarbeidet me har her i Sunnhordland, og som etterkvert har vorte utvida både sørover, austover og nordover. Samarbeidet har vore oppe og gå i 15 år, og me ser at våre tilsette har vorte bra dyktige på innkjøp. Det er liten tvil om verknadane av dette samarbeidet – ikkje minst det utvida – har gjeve oss innsparingar det elles ikkje ville vore mogleg å oppnå.

Me kan på sett og vis sei at dei relativt sett gode resultata i 2009 og 2010 gjev oss eit slags handlingsrom. Me må likevel konstatera at handlingsrommet vårt burde vore betre. Det vert til vanleg tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot på minimum 3 % av driftsinntektene. Tankane bak dette er kort og godt for å kunna setja av midlar til å møta for eksempel uventa utfordringar som ubalanse i drifta - eller kanskje aller helst til investeringar. – I fylkesmannen sitt godkjenningsskriv pr. 24. februar i år for budsjett og økonomiplan 2011 – 2014, peikar han blant anna på at Tysnes kommune berre i eitt av dei fem siste åra har nådd det tilrådde nivået med eit netto driftsresultat på 3 % eller betre av brutto driftsinntekter.

Fylkesmannen kjem vidare i skrivet inn på desse ”framtidsperspektiva”:

”Kommunen har budsjettet med eit negativt netto driftsresultat på kr. 2,77 mill. Netto driftsresultat er negativt heile perioden.”

”Kommunen har lagt opp til negativ drift i heile økonomiplanperioden. Dette er ikkje ein levedyktig strategi på sikt.”

”Det er i kommunen sin økonomiplan vedtatt svært store opplåningar i 2012 og 2013 før lånetrangen er meint å falle i 2014. Fylkesmannen ber kommunen vise varsemd da utgifter til auka gjeld vil belaste dei allereie sviktande driftsresultata.”

”Kommunen har hatt ei betydeleg gjeldsvekst der gjeld pr innbyggjar har auka med om lag 50 % i perioden 2005 – 2009. Også i 2010 vart det vedtatt større låneopptak og økonomiplanperioden ber bod om det same.

Kommunen har samstundes valt å legge seg på den høge sida når det gjeld avdrag. Ein slik strategi er naudsamt da gjelda er ein hard belastning for driftsbudsjettet.”

Med tilvising til det her siterte kan me vanskeleg sjå framtida så altfor lyst i møte! – Det er i alle fall grunn til å ”ta rev i segla”! Dette sjølv om me heldigvis ikkje er heilt på ”bar bakke”! Me har blant anna så bra med fond at me er i stand til å dekka inn dei negative driftsresultata i økonomiplanperioden!

Fylkesmannen kjem også inn på at det frå og med 2010 er endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjonen frå investeringar. – Rådmannen har og ved fleire høve peikt på denne utfordringa. Det vert ein overgangsperiode fram til 2014. Frå 2014 vil all momskompensasjon på investering gå direkte attende til å finansiera investeringar. Men momsomlegginga betyr ikkje uvesentlege inntektsbortfall i det kommunale driftsbudsjettet!

Rammeoverføringane kan i åra framover verta reduserte på grunn av folketalssamsetjinga. Me har særleg i mente dei elevtalsprognosane oppvekstsjefen har redegjort for i innspelet sitt. Dette er ein realitet som me ikkje kan lukka augene for!

I vår kommune som i mange andre kommunar legg vedlikehaldet av store låneopptak og utgiftene til løner/sosiale kostnader kraftige demparar på handlefridomen. Me kan ikkje så lett ”strukturera oss” bort frå ein stadig aukande låneporlefølgje! Her kan heller små renteauker gje store utslag i driftsbudsjettet. Visse grep kan gjerast, men det vil som regel kosta eller me treff kanskje ikkje til rett tid. Og me veit at me har ein god del lovpålagde oppgåver som MÅ løysast – dog innan eit rimeleg forsvarleg skjønn. Skal me skaffa oss betre handlingsrom må me redusera driftsutgiftene helst i ein kombinasjon med auke i inntektene. Skal me lukkast med dette må me mest sannsynleg sjå på ein del hovudstrukturar. Teikn i tida kan og borga for meir interkommunalt samarbeid på ein del område.

Kommunestyret vedtok i 2010 å få utarbeidd ein skulebruksplan. Denne planen kan, saman med ein del signal som vart sende til rådmannen i budsjett/økonomiplansaka, kombinert med bruk av eigedomsskattinstituttet, vera reiskapar som eit stykke på veg kan gje kommunestyret handlingsalternativ for å byggja opp ein sunnare økonomi.

Tysnes rådmannskontor, 14. mars 2011

Roy-Sverre Amundsen
rådmann

Knut Hollekim
økonomisjef

1. Årsrapport for sektorane

2.1 Sentraladministrasjonen

2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret.

2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utvale	2006	2007	2008	2009	2010
Kommunestyre	56	104	62	59	73
Formannskap	100	109	133	115	130
Administrasjonsutval	-	12	15	15	18
Klagenemnd	-	-	-	-	-
Andre	13	43	22	22	188

2.1.3 Økonomisk resultat

Her viser me til tala som er lagde fram her i årsmeldinga, samt til rekneskapen for 2010.

2.1.4 Oppnådde resultat

Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane er me stadig på jakt etter betre og enklare måtar å løysa oppgåvane våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Dei ulike føresetnadene endrar seg rimeleg raskt, og me må til ei kvar tid vurdera kva nivå me bør vera på for å gje gode nok servicetilbod.

Ein kommune er ein mangslungen organisasjon som har ansvaret for å få utført ei rekke ulike oppgåver og funksjonar. – Det kan til tider vera vanskeleg å sjå for alle oss ca 330 tilsette at me arbeider i same verksemda. Dette har blant anna sin bakgrunn i at me arbeider med til dels svært ulike oppgåver. Me synest framleis å ha ein del å gå på før me tenkjer som ei verksemde, men me arbeider med dette blant anna gjennom dei partssamansette utvala og i møte med mellomleiarane.

Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektuering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. – Me har likevel med oss at me vil måtta føreta eit stort kontrollarbeid i høve bygg og anlegg som kan vera oppførte/tilrettelagde utan løyve.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

Me har alt under innleiinga nemnt at nytt omsorgssenter og ny sentralbarnehage av mangslungne grunnar ikke har kome til realisering. Både kommunestyret og administrasjonen er kjende med at det i desse sakene har vore både fornminnerelaterte arealdispone ringshindringar, automatisk freda kulturminne, meir ordinære arealavklåringar og andre forhold som har seinka prosessane i desse to konkrete sakene.

For meir driftsrelaterte forhold kan me i farten nemna sak 53/10 i kommunestyremøte 2. november 2010, der kommunestyret vedtok ein overordna IT-beredskapsplan. I vedtaket vart det også sagt at den praktiske gjennomføringa av saka vil verta handsama i partssamansette utval. – Dette vedtaket er eit greitt eksempel på at før realitetane kan setjast ut i livet, må ein del formalitetar på plass i forhold til gjeldande lov- og avtaleverk. Premissane i saka set og klare skranner for kostnadene med ordninga i 2011.

IT

Datatilsynet stiller strenge krav til handsaming av sensitiv informasjon som t.d. pasientjournalar og barnevernssaker. Ulike statlege organ stiller krav til rapportering via IT-baserte fagsystem av ymse informasjon gjennom KOSTRA og IPLOS. Dette gjer at me i mange høve må føreta investeringar og programvareoppdateringar som elles ikkje hadde vore naudsynte.

Auka fokus på informasjonstryggleik har også medført at me i 2010 vedtok ein overordna IT-beredskapsplan for IT-system som gjeld liv og helse. Denne vil bli iverksett 1. halvår 2011. Elles er me i gang med tanke på å få på plass dokumentasjon m.m. i høve statlege krav til informasjonstryggleik presentert i "[Norm for informasjonssikkerhet i helse-, omsorgs- og sosialsektoren](#)". Men mykje arbeid gjenstår på dette omfattande området.

I 2010 starta me opp med scanning av inngående post. Dette medfører at brev til kommunen vert lagra elektronisk i saksystemet og kan presenterast som eit PDF-dokument på dataskjermen.

Etter som økonomisystemet vert fasa ut av leverandøren, så gjekk me inn i eit samarbeid med Fusa og Samnanger kommunar om anbodsrunde og innkjøp av nytt økonomisystem og løns- og personalsystem. I det nye økonomisystemet ligg funksjonalitet som opnar for både e-faktura og e-handel.

Me har både formelt og uformelt samarbeid med andre kommunar innan fleire område. Eitt område er kart på nettsidene. Saman med 18 andre kommunar i Nord-Rogaland, Sunnhordland og Hardanger har Tysnes kommune lagt ut tekniske kart på internett på www.fonnakart.no.

Personal

Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte og 26 saker til handsaming i 2010.

I 2010 takka rådmannen av og arbeidet med tilsetjing av ny rådmann fekk noko merksem. Arbeidet med tilsetjing av ny rådmann fekk sin lukkelege slutt på hausten 2010 etter to ly-singsrundar og eit godt samarbeid med bemanningsselskapet Headvisor. I samband med tilsetjing av ny rådmann vart det gjort prinsipielt viktige endringar der rådmannen si løn og ordføraren si godtgjersle vart lausrivne. Dette gjer det lettare å nytta løn som eit personalpolitisk verkemiddel også andsynes rådmannen.

I 2009 vart reglement for påskjøning endra, dette har vorte fylgt opp i 2010, og me er overtydde om at me no har ei betre tilnærming til dei som har ytt ei lang og trufast teneste i verksamda.

I samband med hovudtariffoppgjeren i 2010 kom det til konflikt mellom KS og samtlege arbeidstakarorganisasjonar. Tysnes vart ikkje direkte råka gjennom konflikten, men det førte til eit relativt uoversiktleg økonomisk oppgjer. Oppgjeren vart fylgt opp gjennom lokale forhandlingar som for tilsette i forhandlingskapittel 4 hadde ein klår likelønsprofil. Forhandlingane i kap 4 vart ført utan lokale brot. Når det gjeld forhandlingane i kap. 5.2 vart det lokale brot med alle organisasjonane så nær som ein.

Lønspolitisk plan vart rullert i 2010, endringa var knytt til at me fekk ei klar vurdering av kompetanse for grupper med plassering i sentralt stillingsregulativ. Endringa byggjer på tidlegare gjennomførte kompetansekartleggingar.

Sjukefråværet gjekk litt ned samanlikna med 2009 og enda på 7,83 % for heile verksamda, nedgangen førre år er marginal. Fråværet er noko lågare enn snittet for kommunesektoren som var 9,2 %, men er likevel for høgt. Totalt utgjer sjukefråværet 4533 dagsverk. Det er store variasjonar i verksamda, fråværet er klart høgast innanfor barnehageområdet. Nær 60 % av det samla fråværet vårt er framleis knytt til langtidsfråvær utover 56 dagar. I 2010 har me igjen fått betra oppfølginga av dei som er langtidsfråværande, dette arbeidet må prioriterast vidare i 2011.

Likestilling

I Tysnes kommune er 81,4 % av dei tilsette kvinner. Antall årsverk utført av kvinner utgjer 78,5 %. Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner er 62 %, tilsvarande er stillingsstorleik for menn 86,5 %. Svært små stillingskomponentar, mellom anna knytt til helgearbeid, trekker gjennomsnittleg stillingsstorleik mykje ned.

På avdelingar med meir enn 5 tilsette utgjer kvinnelege leiarar 77 %, kvinner er framleis underrepresenterte i administrativ toppliing.

I snitt tente kvinner 91,2 % av løna til menn i 2010. Dersom me korrigerer for stillingstype og samanliknar avløning i tilsvarande stillingar, tener kvinner 99,9 % av menn si løn i 2010. Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil såleis verka til å minska skilnader i løn.

I samband med hovudoppgjeren i 2010 vart det lagt klare likelønsføringar etter det sentrale oppgjeren. I Tysnes kommune vart kvinnelege leiarar og kvinner i høgskulegruppa prioriterte.

Sjukefråvær for kvinner i 2010 var 8,5 % medan det var 5,5 % for menn.

Innkjøp

Me har frå 1996 hatt ei interkommunal innkjøpsordning med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Kommunane har etablert eit samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune.

Det vert stadig større fokus på offentlege innkjøp med omsyn til regelverk, innsyn etc. Dette krev at innkjøpa i den enkelte kommune fungerar etter intensjonane i lovverket. Alle kommunale innkjøp skal i utgangspunktet konkurranseutsetjast.

Kommunane har vedteke felles innkjøpsstrategi og har felles innkjøpsrettleiar. Dette har gjort samarbeidet over kommunegrensene enklare.

I 2009 kom det ny offentleglov som ikkje skjermar kommunane sine forretningsforhold på same måte som tidlegare. I utgangspunktet er alle forhold knytt til kommunen sine innkjøp offentlege, men med utsett offentleghet i anbodsprosessar. Det er elles sett strengare krav til etikk og miljø. Kommunane er oppfordra til å vera føregangs ansvarlege forbrukarar, og etterspørja miljøvenlege varer og varer som er tilverka etter høge etiske krav og sosiale standadar.

I årsmeldinga frå Innkjøpsforumet for 2010 vert det blant anna opplyst at dei har jobba med to utviklingsprosjekt i 2010: 1) Eigen innkjøpsbase for kommunane i samarbeidet. 2) Elektronisk handel. – Forumet har desse målsetjingane: Kompetanseoppbygging på innkjøp, auka delen av kommunale innkjøp på rammeavtalar, redusera transaksjonskostnadene, leverandørutvikling og vidareutvikling av IKT-teknologi i innkjøpssamanhang.

Kommunane i innkjøpssamarbeidet har ifølgje årsmeldinga eit samla årsbudsjett på ca 3 mrd. kr. Av dette er 20 % innkjøpte varer og tenester, altså ca 600 mill kr årleg. – Det vert peika på at innsparingane for kommunane er betydelege. Ein rabatt på 60 – 70 % i forhold til innkjøp utan avtale er ikkje uvanleg.

Tysnes kommune kjøper varer og tenester for rundt 50 mill kr i året. Av desse er ca 25 mill kr varer og tenester som er kjøp av typisk konkurranseprega produkt.

Innkjøpsordninga kostar Tysnes kommune ca. 40.000 pr. år i tillegg til ca. 5 % stilling ved økonomikontoret.

Eigedomsskatt

Tysnes kommunestyre gjorde i september 2008 prinsippvedtak om å innføra eigedomsskatt i heile kommunen frå 01.01.09. I budsjettmøtet i desember 2008 vart det vedteke at eigedoms-skatten skulle vera 2 promille.

Tysnes kommune meldte seg også inn i KS sitt eigedomsskatteforum og fekk gjennom dette tilgong til mykje god hjelp – også av advokatar. – I 2009 brukte me heller store ressursar på

innføringsarbeidet. Det var god innsats og godt samarbeid frå a til å gjennom heile innføringsfasen!

Kommunestyret vedtok i desember 2009 at eigedomsskattesatsen skulle stå på 2 promille også i 2010. Det same er det no gjort vedtak om for 2011.

Meldingsåret er såleis det første meir ordinære driftsåret for forvalting av eigedomsskatten. Det har likevel vore ein god del arbeid med klagesaker og anna meir ordinært vedlikehald.

Beredskap

Etter fylkesmannen sitt tilsyn i 2007 fekk me både i 2008 og i 2009 ajourført fleire av dei sentrale beredskapsplanane våre. Mot slutten av 2009 vedtok kommunestyret eigen atomberedskapsplan for Tysnes, og tidleg dette året vart kommunen sin første klima- og energiplan vedteken. I 2010 gjekk me inn i eit formelt skredsamarbeid med ein del andre kommunar i fylket.

ROS har gjennom dei seinare åra vorte mykje meir fokusert frå statleg hald både gjennom skjerpa lovverk og på mange andre måtar. Det er for eksempel i dag heilt andre krav til ROS – vurderingar i planarbeida me gjennomfører enn for berre relativt få år tilbake.

Fylkesberedskapssjefen med følgje kjem på nytt tilsyn i mars 2011.

Økonomikontor

Økonomikontoret har ansvar for kommunen sine økonomifunksjonar; herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering m.m.

Me er framleis svært glade for at Knut Økonomisjef valde å returnera til oss og si faste stilling hausten 2009!

Økonomikontoret i samarbeid med rådmannskontoret og andre står ved inngangen til 2011 føre eit stort ”løft” med innføring av nytt økonomisystem frå midtårs 2011, og nytt løns- og personalsystem frå 01.01.12.

Konsulent Helge Drange er utpeikt til felles prosjektleiar for dette tiltaket i dei samarbeidande kommunane Fusa, Samnanger og Tysnes.

Flyktning/innvandring

Kommunen har i 2010 ikkje fått førespurnad frå Utlendingsdirektoratet om å busetja flyktningar. Me har ansvar for innvandrarar som kjem til kommunen med oppfølging, registrering og vedtak i Nasjonalt introduksjonsregister.

Kultur

Oppgåvene ligg m.a. på tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, planarbeid og koordinering.

Barne- og ungdomsarbeid

Kommunen deltok med innslag i Ungdommen si kulturmønstring under fellesmønstringa for Tysnes, Fitjar, Bømlo og Stord, og med innslag under fylkesmønstringa i Bergen.

Ungdomsrådet har hatt relativt stor aktivitet med jamlege møte. Det er mellom anna starta ny ungdomsklubb i ungdomshuset i Våge. Rådmannskontoret har sekretærfunksjonen i ungdomsrådet.

Kulturformidling

Kommunen har leigeavtale med Årbakka Handelstad ved Gunnar Onarheim om bruk av parkeringsareal, gangveg og kaiområdet m.v. Kommunen har og rett til å disponera Sjøhuset tre gonger pr. år.

Lag og organisasjoner får stønad til ulike tiltak og underskotsgaranti i samband med arrangement.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar og søknader. Rådmannskontoret har sekretærfunksjonen for Tysnes idrettsråd. – Siglarlaget Njord/Tysnes fekk stønad i samband med 75-års jubileet og det vart tildelt spelemidlar til ballbingen i Lunde.

Kommunestyret vedtok i 2010 at kommunen skal stå som eigar og byggherre for kunstgrasbanen på Reiso. Kommunen skal samarbeida med Njardar/Tysnes om bygging, drift og vedlikehald. – Etter framdriftsplanen kan banen stå ferdig til hausten.

Generelt kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte:

Rentestønad, oppstartingstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. - "Tysnesfest" fekk direkte tilskot/stønad til marknadsføring m.v., Tysnes ungdomslag fekk tilskot til utbetring av lagshuset, Opdal ungdomslag fekk driftstilskot til Grendatun kino og Venelaget fekk tilskot til játtmuseum.

I 2010 deltok kommunen med 5 arrangement under Kystsogevekene.

Kommunen har delteke på reiselivsmesse og vore representert i styringsgruppa og arbeidsgruppa for reiseliv i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Vidare har me koordinatorarbeid for Kystsogevekene og kulturarbeidsgruppa.

Fellesbrosjyra for Sunnhordland vart oppdatert. Revidering/oppdatering av Tysnesguide bør vurderast.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

Kulturvern

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad.

Kulturminna treng jamleg skjøtsel og vedlikehald og tilrettelegging for publikum. Parkeringsplass i Uggdalsdalen må følgjast opp etter at saka er ferdig handsama hos Statens vegvesen. – Det vart gjeve tilskot til kyrkjhistorisk utstilling i Onarheim kyrkje og til oppgradering av Smio på Årbakka.

Tysneshallen

Drifta har vore om lag som tidlegare år. I den tida Njardar trener inne, har kapasiteten på ettermiddags- og kveldstid vore heilt utnytta. Måndag til fredag vil det seia ca 25 timer, og i tillegg kjem skulen sin bruk av hallen. Også i helgene er det fast aktivitet. Det er for lite aktivitet i bowlinga med reduserte inntekter.

Rekneskapen viser bruk av fond med kr 167.000,-. I 2010 vart golvet i hallen lakka. Straumutgiftene auka med om lag kr 150.000,- i forhold til i 2009. Både bowling- og husleigeinntektene var svakare enn budsjettet. Styret har sett i verk nokre tiltak for å betra budsjettbalansen.

Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2010 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held også ope på dagtid to dagar i veka.

Eit hovudmål i 2010 var å auka bokutlånet, som var på totalt 7225 bøker og andre medium-mot 6230 året før - altså ein bra auke. Men me skal ikkje berre døma aktiviteten ved biblioteket etter utlånstala. Det vere seg referansetenester, arrangement og anna. Bruken av biblioteket har i dei siste åra gått jamnt opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala framleis vil auka som følgje av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein viktig ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange, både vaksne og unge. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd. - I 2010 vart det utarbeidd ein bibliotekplan der det vert vist til nye satsingsområde og peika ut ein vidare kurs for drifta. Planen vart vedteken av kommunestyret i februar i 2011.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. I 2007 vart det innleia samarbeid mellom Tysnes folkebibliotek og dei seks andre folkebiblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har halde fram med gode resultat. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter, i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med tanke på å gjera den lokalhistoriske bletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er me likevel avhengige av eksterne midlar til ei slik drift.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjettet og modernisera det totale tilbodet. Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale er det framleis utstyrsmessig visse manglar.

Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingen. BOF vedlikeheld 10 område i Tysnes.

Rydding, merking og vedlikehald av dei mest nytta turstigane vart ikkje utført i 2010. Det er viktig at merking og vedlikehald vert prioritert vidare t.d. med tilskot til lag og organisasjonar og/eller deltaking i prosjektet "Vandring i Hordaland".

2.1.5 Samla vurdering

Sentraladministrasjonen har også i 2010 drive med reduserte ressursar. Tiltaksprosjektet i 2008 og 2009 saman med innføringa av eigedomsskatten i 2009 og meir arbeidet som følgde med dette i 2010, tok ikkje få ressursar frå den ordinære drifta i sentraladministrasjonen. I forhold til innføringa av eigedomsskatten vart landbruk- og teknisk etat også hardt "tappa".

Oppgåvene står "i kø" og nye utfordringar dukkar stadig opp. Me er velsigna med politikarar som vil og ønskjer mykje; ja, ofte betydeleg meir enn det som realistisk og på ein fagleg forsvareleg måte let seg gjennomføra. Dette kan til tider vera meir spanande enn det "smaker"! – Denne "dimensjonen" bør ikkje oversjåast når lokaldemokratiundersøkinga skal debatterast!

Viktige MÅ-oppgåver framover i 2011 for oss i sentraladministrasjonen vil blant anna vera: Vidare arbeid og oppfølging med kommuneplanen, nytt økonomisystem, førebuing, tilrettelegging, gjennomføring og oppfølging av kommunestyrevalet frå administrativ side, større investerings-/driftsprosessar og strukturar.

2.2 Undervisning

2.2.1 Organisasjon

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2010 vore:

- ◆ grunnskulane m/sfo
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa

Grunnskulen

Ved utgangen av 2010 har kommunen 5 skular, 3 med elevar på 1.- 6. klassesteget, 1 med elevar på 1.- 4. klassesteget og 1 med elevar på 5.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2010/11 var det totalt 339 elevar i grunnskulane i Tysnes, 224 på barnesteget og 113 på ungdomssteget.

25 elevar gjekk ut av 10. klasse våren 2010, og 24 elevar tok til i 1.klasse hausten 2010.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 10	haust 11	haust 12	haust 13	haust 14	haust 15	Haust 16
Lunde skule	21	18	19	20	22	17	23
Onarheim skule	22	22	19	19	18	20	25
Reksteren skule	9	0	0	0	0	0	0
Tysnes skule	93	83	65	66	74	71	59
Uggdal skule	80	82	82	74	70	77	76
Sum barneskulane	225	205	184	179	184	185	183
Ungdomsskulen	114	109	118	115	100	79	82
SUM:	339	314	302	284	284	264	265

Barnehagen

Ved utgangen av 2010 hadde 111 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 86 % av alle barn i førskulealder (f. 2004 – 2009).

Det er 41 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 56 born i kommunen. (73 %).

I aldersgruppa 3-5 år er det 70 born i barnehage (av totalt 72). (97 %)

Dekningsgrad	2006	2007	2008	2009	2010
Under 3 år	61 %	60 %	60 %	67,3%	73 %
Over 3 år	98 %	99 %	99 %	99 %	97 %
Totalt	84 %	84 %	84 %	87,9%	86 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste seks åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Lunde	4	3	4	5	2	6
Onarheim	5	3	2	4	2	6
Reksteren	0	1	0	0	0	1
Tysnes	8	9	8	13	14	12
Uggdal	7	10	10	7	9	5
SUM	24	26	24	29	27	30

Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt 30 personer fordelt på ca. 24 årsverk.

2.2.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utvål	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Oppvekst/omsorg	8	12	15	33	28	28
Kommunestyret	3	3	3	8	0	8

Når et gjeld oppfølgjing og effektuering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnaden.

2.2.3 Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2010 viser at kapittelet brukte kr. 44.391.545 av eit revidert budsjett på kr. 45 460 217. Dette betyr at etaten kjem ut med eit overskott i 2010. Overskottet skuldast mel.a. at statstilskottet til barnehagane blei klårt høgare enn budsjettert. (+ ca 600 000) Også på området for vaksenopplæring har me fått auka statstilskott. Her har me òg auka aktiviteten, men sit likevel att med eit overskott på ca 100 000 kr. For kulturskulen sin del kjem ein òg ut med eit mindreforbruk i høve til budsjettet på ca 100 000 kr. Årsaka til dette ligg først og fremst i at inntekene er auka i høve til budsjettet. Det er brukarbetalinga som står for heile denne summen. Då ein på eit tidlegare tidspunkt i budsjettåret såg ut til å få problem med å koma ut i balanse, vart det òg strama inn på fleire område. Dette kan ein gjera eitt år, men vil fort oppleva at det slår tilbake i form av auke det påfølgjande året. Det er likevel ikkje berre positivt å koma ut med overskott totalt sett når ein veit at det er sterkt behov for ressursar til mel.a. innbu/utstyr, skulebibliotek m.m. Det vert elles synt til rekneskapen for 2010.

2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

Etaten utarbeidde i løpet av 2008 ein ny strategiplan for utvikling av skular og barnehagar i kommunen. Planen vart vedteke i oppvekst/omsorg og i kommunestyret, og har vore retningsgjevande for utviklingsarbeidet dei seinare åra.

Særleg viktig er satsinga på den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. Resultata på dei nasjonale prøvene syner at me er på rett veg. I 2010 hadde me for første gong desse prøvene også på 9. steget i lesing og rekning. I begge desse faga kom våre elevar ut betre enn gjennomsnittet for Hordaland fylke. Tala for lesing er identiske med landsgjennomsnittet medan resultata i matematikk ligg over landsgjennomsnittet. Elevane i 8. klasse presterar over landsgjennomsnittet i engelsk og rekning, men under i lesing. På 5. steget ligg me på landsgjennomsnittet i engelsk og under i rekning. I norsk ligg me klårt over landsgjennomsnittet, men her er det berre elevane på krinsskulane som er registrerte. Om alle elevane hadde vore med, ville me nok ikkje fått eit like godt resultat. Ein skal vera varsame med å leggja for mykje i desse testane. Resultata vil variera frå år til år, og det er først over lengre tid at ein vil kunne sjå klåre tendensar i utviklinga.

2.2.5. Fråver

Sjukefråver	2007	2008	2009	2010
Skular	4,3 %	3,9 %	4,9	5,5
Barnehagar	8,1 %	4,5 %	9,1	13,6
Totalt i etaten	5,2 %	4,0 %	6,9	7,4

Sjukefråver er noko som kostar det norske samfunnet milliardbeløp kvart einaste år sjølv om Tysnes kommune tradisjonelt sett har kome svært godt ut på statistikkane.

I samband med etter måten høge tal for barnehagesektoren i 2007 vart det sett i gong eit delprosjekt innafor kvalitetskommuneprogrammet for å jobba med å få ned sjukefråveret i barnehagane. Me kunne notera ein klår nedgang i 2008, men etter det har det berre gått feil veg. Også på skulesektoren har sjukefråveret auka, men 5,4 % er likevel ”akseptabelt”. Etaten vil ha fokus på dette i året som kjem sjølv om ein ikkje kjem spesielt därleg ut i landsmålestokk.

Grunnskulen

- Den vedtekne strategiplanen for utvikling av skular og barnehagar har vore styrande for utviklinga også det siste året. Det er meinингa at denne planen skal justerast og rullerast kvart år før ny plan vert vedteke ved utgongen av fireårs-perioden.
Det er særleg grunn til å framheva satsinga på grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Dette prosjektet starta opp hausten 2008 og har vorte utvida etter kvart til det no omfattar alle elevane i kommunen på 1.-7. klassessteg. Ei rekke lærarar har blitt kursa og det er oppretta nettverk der dei same lærarane kan møtast jamnleg til erfaringsutveksling. Hovudfokuset er no retta inn mot den såkalla SOL-modellen der bokstavane står for systematisk opplæring i lesing. Og nettopp systematikken i dette opplegget er det som først og fremst skil det frå andre gode tiltak på dette området.

På sikt må ein kunne forventa at resultata også vil gjenspegla denne satsinga.

- *Digital kompetanse.*

Både skular og barnehagar følgjer dei vedtekne planane for bruk av IKT. I 2010 vart mel.a. dei tilsette i barnehagane kursa i bruk av data noko som har vore med på å heva kompetansen for dei tilsette.

Ettervinteren og våren vart brukt til å bytte maskiner hos pedagogisk personale i skulen. Dei gamle Acermaskinene vart byttet ut med nye Lenovo maskiner. Nytt var også at ein gjekk frå operativsystemet XP Pro til Windows 7 pro og frå Office 2003 til Office 2007. Begge desse programendringane førte med seg mindre opplæringstrong. Byting av maskiner er lite automatisert slik at dette er nokså tidkrevjande.

Denne våren kom diskusjonen om interaktive tavler for alvor opp i kollegiet. Tavlene har på kort tid blitt populære i skulen og er på full fart inn i klasserom landet over. I den engelske skulen har dei vore i bruk i fleire år. Uggdal skule var den første skulen som fekk tavle hos oss. Det vart halde opplæring for deler av personalet.

Eksamens vart avvikla i Tysneshallen. Kandidatane brukte datamaskiner under eksamen og svara vart levert på papir.

Hausten gjekk med til utskifting av datamaskiner hos pedagogisk personale i barnehagane og tilrettelegging for bruk av desse. Utover hausten vart det kjøpt fleire elektroniske tavler slik at alle skulane no har minst ei slik tavle (med unntake av Reksteren).

Denne hausten vart også Feidikus-prosjektet avslutta. Dette er eit prosjekt me har vore deltakarar i saman med Askøy, Fjell, Sund, Øygarden, Samnanger, Os og Fusa. Prosjektet gjorde grunnskulen hos oss FEIDE sertifisert.

I månadsskiftet november/desember vart det halde opplæring i bruks av elektroniske tavler for dei som ikkje var gjennom denne opplæringa i vår.

Før jul vart det bygd ut trådlause nettverk på Onarheim skule. Grunna uventa tekniske vanskar er ikkje dette arbeidet slutført enno.

Før jul starta me også oppgradering av maskinparken på elevsida på Tysnes skule. Denne er svært nedsliten og må oppgraderast mellom anna for å kunne gjennomføre eksamen.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det vart utarbeidd ein handlingsplan for kompetanseutvikling i Tysnes-skulen i 2010. Denne planen gjev grunnlaget for utbetaling av midlar øyremerka for kompetanseutvikling i skulen. I 2010 fekk kommunen tilført kr. 154 108 av slike midlar. I tillegg har kommunen fått kr. 100 000 til vikarutgifter i samband med den nye vidareutdanninga for lærarar. I denne ordninga har kommunen med ein lærar som tek vidareutdanning i engelsk, og ein lærar som tek vidareutdanning i logopedi.

- *Innkjøp av nye lærebøker.*

Også dette året har skulane blitt tilført ekstra midlar til innkjøp av lærebøker for å koma opp på det nivået kunnskapsløftet krev. Med dette siste krafttaket er me så godt som i mål på dette området.

- *Skulevurdering*

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har kommunen gått inn for å slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. Hausten 2010 vart Onarheim skule vurdert, og rapporten var svært positive med omsyn til kvaliteten på det arbeidet som vert utført på denne skulen. I 2011 vil Tysnes skule bli vurdert på tilsvarande måte. Dette kan fort visa seg å blir den siste skulen som får ta del i denne ordninga då regionen vurderer å avvikla dette systemet for ekstern skulevurdering. Ei eller anna form for vurdering av undervisningstilbodet må me uansett ha også i framtida.

- *Spesialundervisning.*

Omfanget av spesialundervisning etter enkeltvedtak i skulane i Tysnes ligg høgare enn landsgjennomsnittet. Totalt fekk 40 elevar slik undervisning i 2010. Dette utgjer 11,5 % av elevmassen medan landsgjennomsnittet ligg på ca 7 %. Det er ei auke på ein og ein halv prosent frå 2009. Det er grunn til bekymring over den store andelen av elevar som får spesialundervisning, og oppvekstsjefen har ein dialog med rektorar og PPT for å sjå om det er mogeleg å redusera dette talet.
Elles vert alle individuelle opplæringsplanar (IOP) no handsama i SAMPRO. Dermed oppfyller kommunen no krava til sikker arkivering på dette området.

- *Klagesaker.*

Etaten har hatt ei klage på opptak i barehagen. Denne saka vart løyst utan å kopla inn Fylkesmannen. I tillegg har Tysnes skule hatt ei klagesak på sensur skriftleg eksamen. Denne klaga vart handsama av Fylkesmannen.

Tilsyn

Hausten 2010 vart Tysnes kommune plukka ut av Fylkesmannen til å vera ein av kommunane som fekk felles nasjonalt tilsyn. Området for tilsynet var § 9a i opplæringslova som omhandlar elevane sin rett til eit godt psykososialt skolemiljø. Hovudtema under tilsynet var:

1. Skulen sitt førebyggjande arbeid
2. Skulen si individretta handlingsplikt
3. Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval.

Tilsynet omfatta særleg dei to skulane Tysnes og Lunde, men òg dei andre skulane vart trekte inn frå kommunen si side.

Det vart gjeve eitt pålegg til Lunde skule og tre pålegg med underpunkt til Tysnes skule.

Samtlege avvik er no retta opp.

Skulefritidsordning

- *Målsetjing: Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular.*

I 2010 har det vore skulefritidstilbod ved alle skulane i kommunen, utanom Tysnes. Ved utgangen av året var det ca. 37 elevar i kommunen som nyttar seg av SFO-tilboden. Dette utgjer ca. 33 % av elevane i småskulen noko som er ei nedgong på 5 % frå året før. Årsaka til dette ligg truleg i innføringa av gratis leksehjelp på småskulesteget.

Det har òg vore gitt tilbod om sfo i vinterferien og haustferien dette året.

Kulturskulen

Undervisning

Kulturskulen har skuleåret 2010/2011 74 elevar (pr. 1.oktober 2010).

Desse er fordelt på:

-piano	20 elevar
-gitar/ bassgitar	39 elevar
-messing/aspirant	13 elevar
-slagverk	2 elevar
-fløyte	1 elev

Tenester

Kulturskulen sel dirigent/instruktør-timar til:

-kor	5 timer	Tysnes kammerkor
-korps	18 timer	Onarheim musikklag, Tysnes musikklag, Tysnes skulekorps
-grunnskule	4 timer	

Korpsa kjøper slagverksinstruksjon i tillegg til dirigent-timar. Ein har jobba i fleire år for å få til dette, og tiltaket er godt motteke.

I grunnskuletimane er det undervisning på :

-Uggdal skule (skulekor og kornettklasse)

-Onarheim skule (kornettklasse)

-Lunde skule (kornettklasse)

Dette betyr at kulturskulen møter om lag 110 elevar i grunnskulen kvar veke.

Totalt møter personell frå kulturskulen om lag 250 personar kvar veke.

Tilsette

Kulturskulen har om lag 2 heile stillingar fordelt på 8 personar.

Rapport for kulturskulen

Eit utval la i 2010 fram ein rapport om kulturskulen, der ein konkluderte med at kulturskulen treng eige lokaler, og elles at kulturskulen jobbar på rett spor.

Noko av grunnlaget for rapporten var to brukarundersøkingar. Den eine retta inn mot føresette, og den andre retta inn mot laga som kjøper tenester.

Måloppnåing

Måla for undervisning er å kunna gje tilbod i fleire uttrykk. Det har ikkje lukkast å få til dans/ballett som laurdags-skule dette skuleåret. Andre tilbod vert vurdert for neste skuleår. Elles er måla for aktiviteten oppnådd.

Jubileum

Kulturskulen vert 25 år i 2011.

Arrangement

Kulturskulen la til rette for ein felleskonsert for alle skulane i juni. Artisten Tron Jensen var rundt på turne til alle skulane dagen før konserten.

Tysnes-sjansen vart halde i november i Tysneshallen.

Økonomi

Det har vore god kontroll på kostnadene i 2010. Totalt sett kjem dette området ut med eit overskott på ca kr. 100 000. Grunnen til dette er at inntektene i form av foreldrebetaling og betaling frå organisasjonane var høgare enn budsjettet.

Vaksenopplæring

- *Tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarár*

I alt har 7 personar fått opplæring i norsk og samfunnsfag hausten 2010 i tillegg til at det òg har vore gjeve undervisning til arbeidsinnvandrarar. Dette siste ligg imidlertid utanfor etaten sitt ansvarsområde.

Økonomien på dette området har vore god i 2010 ettersom statstilskottet vart auka i høve til budsjettet. På tross av auka aktivitet og større lønskostnader enn budsjettet kjem me ut med eit overskott på dette området på ca 100 000 kr.

Barnehage

Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane. Det er særleg grunn til å peika på det arbeidet som har vore gjort innanfor prosjekt leselyst og skriveglede. Sjølv om barnehagane ikkje driv direkte lese og skrive opplæring, er det grunnlaget som vert lagt på dette området i barnehagen svært viktig med tanke på korleis borna vil utvikla seg i åra etterpå. No er det fastlagt årlege kartleggingar av barns språk i førskulealder.

Dette barnehageåret har me hatt kvalifiserte førskulelærarar i alle pedagogstillingane, dette er positivt og lettar arbeidet til styrar. Det er óg positivt at alle styrarar og pedagogisk leiarar har blitt kursa innanfor leiing dette året.

- *Kapasitet.*

Dei siste åra har talet på barn som har søkt plass i Tysnes kommune vore større enn kapasiteten. Dette førte til at avdelinga på Uggdal skule måtte utvidast, og barnehagen fekk nye oppholdsrrom i kjellaren på skulen. Det vart og tilsett ny pedagog pga av auke i barnetalet. Då barna no har rett til barnehageplass, vert dette eit vedvarande problem inntil ny barnehage står klar. Ettersom den nye barnehagen ser ut til å dra ut i tid, vil tilbodet på Uggdal skule bli vidareført i 2011. Det vil då truleg bli aktuelt å auka barnetalet for å få plass til alle. Det er likevel mange nye utfordringar rundt dette med å ha ei ekstern avdeling. Det er også mange nye utfordringar rundt i barnehagane pga av at talet på små barn har auka. Mange tilsette opplever dette som ein heilt ny barnehagekvardag noko som har vore utfordrande å takla.

- *Vurdering av barnehagestrukturen i kommunen*

Alle ventar på ny barnehage. Det nærmaste ein har kome på dette feltet er nokre nye teikningar av Uggdal skule som sentralbarnehage. Dette alternativet kom opp i haust som eit alternativ til tomtene på Gjerstad, og innbefattar at elevane ved Uggdal skule vert overførte til Tysnes skule. Dette krev oppgradering av Tysnes skule. Barnehagepersonalet er positive til ei slik løysing dersom det skulle bli aktuelt.

Det er ingen grunn til å leggja skjul på at dei uavklåra forholda rundt ny sentralbarnehage påverkar personalet i barnehagane.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det er utarbeidd plan for kompetanseutvikling i barnehagen. Denne planen gav grunnlag for utbetaling av kompetansemidlar i 2010. Totalt mottok kommunen kr. 25 490 i kompetansemidlar dette året. I tillegg kom midlane for arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagane. Her fekk kommunen ein sum på kr. 20 000.

Utvikling av digital kompetanse i barnehagane.

Alle pedagogane i barnehagane har no eigne berbare maskiner og har gjennomført opplæringsprogrammet LIKT. Alle avdelingar har òg ein stasjonær pc som borna får bruke i lag med vaksne. Problemet no er at det tekniske systemet på IKT-sida i påvente av ny barnehage ikkje vert oppgradert. Dermed slit ein med därlege løysingar.

Spesialundervisning.

Det er ikkje til å legga skjul på at behovet for spesialundervisning aukar også i barnehagane. Dette er eit viktig arbeid med tanke på at det er regjeringa si målsetjing å setja inn tiltak så tidleg som mogeleg. Dette året har 3 born hatt spesialundervisning etter enkeltvedtak noko som totalt har medført auka bemanning tilsvarande meir enn 2 heile stillingar i vårhalvåret. Ein må vera budde på at desse borna òg vil trenga vidare oppfølgjing når dei kjem i skulen.

2.2.6 Samandrag

2010 har vore eit godt år for oppvekststataen som står framfor betydelege utfordringar i åra framover. Nedgangen i elevtalet medfører òg reduserte inntekter for kommunen, og eit forventa elevtal på rundt 265 elevar i 2014 betyr ein årleg inntektssvikt for Tysnes kommune på nær 7 mill. i høve til dagens nivå. Då nedgangen i elevtalet berre i avgrensa grad gir seg utslag i færre klassar, vil kostnadene ved å driva innafor dagens skulestruktur vera om lag dei same som no. Det første politiske grepene er gjort i så måte.

Hausten 2010 vart det vedteke å leggja ned Reksteren skule (midlertidig) frå 1/8-2011. Dette vedtaket pressa seg fram som følgje av nedgang i elevtalet.

På barnehagesida har me hatt full dekning, men dette har medført at me har måtte utvida tilbodet ved Stjernereiso. Til neste år vil me måtte pressa enno fleire born inn på denne avdelinga for å kunne oppfylla kravet om rett til barnehageplass.

Oppvekstsjefen må elles konstatera at ein ikkje har kome lenger i barnehagesaka. Det er framleis uvisst når og kvar ein ny sentralbarnehage vil koma.

Det er likevel svært positivt at kommunestyret hausten 2010 vedtok å få utarbeidd ein skulebruksplan. Dette arbeidet er godt i gong og skal vera avslutta innan 1. juni. Eit eventuelt politisk vedtak om endra skulestruktur i kommunen vil då tidlegast kunne gjerast i kommunestymøtet 22. juni. På mange vis vert òg barnehagane berørte av denne utgreiinga. Eit av fleire mogelege strukturelle tiltak vil vera å flytta Uggdalselevane til Tysnes skule og gjera Uggdal skule om til ny sentralbarnehage.

I 2010 har me endeleg fått på plass eit godkjent arkiveringssystem for sensistivt materiale i skular og barnehagar. SAMPRO er no teken i bruk over heile lina ved utarbeiding av individuelle opplæringsplanar.

Arkivsystemet for inngående og utgående post i einingane, eller snarare mangelen på eit slikt system har ein ikkje fått gjort nok med i 2010.

Elles er Onarheim skule skikkeleg opp i 2010. Skulen framstår no som godt teneleg for det behovet ein har.

Det er etter kvart òg gjort mykje godt vedlikehaldsarbeid ved Tysnes skule, men enno står mykje att. Framfor alt er det behov for ei oppgradering av symjehallen.

I kulturskulen har det vore status quo, men det har vore jobba med å utarbeida nye tilbod. Det som framfor alt er påkrevd, er å finna fram til ein base med eigne varige lokale. Situasjonen i dag er ikkje tenleg og heller ikkje framtidsretta.

2.3. Helse- og sosial

2.3.1 Økonomisk resultat

1000 kr. i løpende priser			
	Rekneskap 2009	Rev.b. 2010	Rekneskap 2010
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter			
Sum driftsinntekter			
Sum finansutgifter			
Sum finansinntekter			
Netto driftsutgifter	55.452 '	58.517 '	61.296 '
Investeringar			
Sum utgifter			
Sum inntekter			
Nto. Utgifter/inntekter	,	400 '	237 '

2.3.2 Utviklingstrekk i etaten

Investeringar

* IT – utstyr 237 ’

Drift

Nto driftsutgifter på h.k. 1.3 vart kr. 61.247.- mot revidert budsjett kr. 58.517,-, nto.driftsunderskot på kr. 2.730,-. M.a. følgjande budsjettområde har slite med å halda rammene: barnevern, sjukeheim, heimesjukepleie, bustader for pu i Uggdal og i Vågsmarka .

Statstilskot til ressurskrevjande brukarar i 2010 utgjorde kr. 4.600.000 (budsjett-tal).

Tyns kommune har fått kr. 769.000 i ekstra rammetilskot i 2010, kalla "eldremilliarden".

Plan og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2010:

- opplæringssplan i helse- og sosialetaten 2010.
 - kompetanseløftet 2015 - tilskot til opplæring av personell i 2010 i helse-og sosialetaten.
 - verksemdsplan for helse-og sosialetaten 2010.
 - Tysnes sjukeheim – nytt omsorgssenter – val av tomt.
 - Samarbeidsprosjekt rus og psykiatri – YSS/samarbeidsavtale.
 - Høyring – plan for somatiske spesialisthelsetenester i Helse Fonna 2010-2020.
 - Samarbeidsavtale mellom Helse Fonna og Tysnes kommune/psykiatri.
 - Samarbeidsavtale mellom barnevernet og oppvekststaten.
 - Felles FOU-eining i samband med samhandlingsreforma HSH, Helse Fonna og kommunane.
 - Revisjon av retningsliner for løn til støttekontaktar m.v.
 - Organisering og drift av krisesenter frå 01.01.11.

Utfordringar i 2011 vil eg nemne:

- reguleringsplan og prosjektering av ny(tt) sjukeheim/omsorgssenter.
- prosjektering og lokalisering av 5 bustader for funksjonshemma/psykisk utviklingshemma.
- rekruttering av faglært arbeidskraft: sjukepleiarar, helsefagarbeidrarar, barnevernspedagog/sosionom/jurist, vernepleiarar.
- redusere innleige av fagpersonell gjennom vikarbyrå.
- budsjettstyring/unngå underskot i 2011.
- Vidare arbeid med kvalitetssystema.
- Kompetanseoppbygging.
- Samhandlingsreforma – konsekvensar for Tysnes.

2.3.3. Helseavdelinga

Legekontor

Alment

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønnspraksis. Dei tre fastlegeane har i alt 2300 på sine lister.

Bemanning

- fastlegar, 1 turnuskandidat
- bioingeniør/kontorleiar, 100 % stilling, sjukepleiar 40 % stilling, helsesekretær 60% stilling, sjukepleiar 50% stilling.
- BHT kjøper 20 % legestilling, Tysnes Sjukeheim kjøper 20 %.

Legevakt

Dei tre faste legane pluss turnuskandidat deltar i legevakt, altså 4-delt vakt - 3-delt ved feriar og kursfråvær.

- Kommuneoverlegen har pga. alder ingen plikt til legevakt, men har inntil vidare delteke på frivillig basis.
- Tysnes dekkjer legevakt for Ølve og Hatlestrand, men Kvinnherad bidrar ikkje med lege.
- Legevaktsentralen er felles for Tysnes/Stord/Fitjar/Bømlo, lokalisert til Akutt Mottak på Stord Sjukehus. Tenesta vert kjøpt fra Helse Fonna.
- Fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, dette er nødvendig og nyttig.
Lovmessig er begge partar pålagt samhandling/samtrenings og beredskapsplanlegging.
- Etter nye avtalar 1.7.2010. kan legen få 4 timer betalt fri på særleg belastande vakter
Utgjer 1/3 av eit legeårsverk. Denne kostnaden vert ikkje synleggjort i rekneskapet for kva lokal legevakt kostar.
- Spesielt om sumaren er vaktbelastninga svær, grunna feriegjester i kommunen. Det er heilt avgjerande med vikarinntak for lege om sumaren for å få dette til å gå rundt.

Oppsummering

Det har vore eit arbeidsår på det jamne. Det har vore drøfting om risiko/sårbarhet vedr det EDB-baserte legejournalsystemet. For å halda god nok beredskap på legevakt er det viktig at dette er oppe og går med kortast mulig avbrekk.

Fokus på fagleg oppdatering av bemanning må tilleggast stor vekt i 2011. Det er lagt opp til stor fellesøving sein vår 2011 i samarbeid med Stiftelsen Norsk Luftambulanse.

Tysnes helsestasjon

Ammekyndig helsestasjon

Tysnes helsestasjon er med i intervensionsgruppe i evalueringsundersøkinga av Ammekyndig helsestasjon, det er i gang eit arbeid for å bli godkjendt som Ammekyndig helsestasjon. Begge helsesøstrene og jordmor er engasjert. Dette prosjektet/arbeidet held fram i 2011.

Unge mødre

I 2010 har me sett ei opphoping av unge mødre under 20 år som treng tettare oppfølging.

Individuell Plan

Helsesøstrene koordinator/medaktør i høve barn/unge med IP. Ein ser trong for å melde at dette arbeidet tek mykje tid. Det er eit stort gap mellom våre ressurser og føresette sine behov når det gjeld oppfylgjing av barn/ungdom med IP.

Ny veileder i tuberkulosearbeidet

Det kom ny veileder i tuberkulosearbeidet i Noreg i 02.09, og me har hatt ein del kontakt med Tuberkulosekoordinator i Haugesund for å bli sikker på alle endringane som gjeld dette arbeidet.

Ny vaksine i barnevaksinasjonsprogrammet

Vaksine mot kreft i livmorhalsen vart f.o.m. -09 tilbydt alle jenter i 7.kl. På Tysnes har det vore bra oppslutnad. Jentene skal ha tre dosar innan 12 mnd., og denne vaksinen er soleis tid-krevande å administrera.

Tidleg screening på svangerskapsdepresjon

Helsestasjonen har i -10 kalla alle mødre inn to mnd etter fødsel for å screene dei på svangerskapsdepresjon, og tilbyr samtale/oppfylgjing når/dersom dei ynskjer/treng det.

Overvekt

Me har brukta ein del tid på å tilby hjelp/fylgja opp familier som har barn med overvekt.

Samarbeidsavtale med føden på Stord

Som ein følgje av samhandlingsreforma har me, i lag med andre kommunar i Sunnhordland, starta opp eit formelt samarbeid med føden på Stord.

Samarbeid helsestasjon/skulehelsetenesta og psykisk helsearbeidar for barn og unge

Dette året har me brukte ein del tid på å lukka eit avvik frå Fylkesmannen vedk. dokumentasjon i helsestasjonstenesta og psykisk helseteneste for barn og unge.

Kvalitetsikring, prosedyrer og avviksmelding

Underteikna ser at dette arbeidet blir nedprioritert pga. ressursar/tidspress, men eg har byrja arbeidet og vil halda fram med det i 2011.

Tankar om 2011

- Fortsetja å utarbeida prosedyrer og vera meir aktiv med å skriva avviksmeldinger.
- Vera pådrivar til å få eit meir aktivt/samkøyrt habiliterings-og rehabiliteringsteam (IP-arbeid).
- Fortsetja, og kanskje avslutte, arbeidet med ammekyndig helsestasjon.

Ergoterapitenesta

0,6 årsverk kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver

Brukars arbeid: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing, rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak, funksjonsvurdering i trygdebilssaker m.m.. Er medlem av tverrfagleg Inn-taks – og rehabiliteringsteam og Demensteam. Kontaktperson for kommunen til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeider med HMS i kompliserte brukarsaker, med interkommunal Synspedagogisk teneste på Stord m.fl..
Er med i interkommunalt nettverk for ergoterapeutar (Fusa, Kvam, Kvinnherad).

Ressursutnytting/måloppnåing

Til brukarar i Tysnes kommune er det i 2010 utevert 664 hjelpemiddel frå HMS, til ein samla verdi av 1 264 998 kr. Her er 449 aktive hjelpemiddelbrukarar.

Avtale om arbeid med hjelpemiddel mellom Tysnes kommune og Tysnes Industri A/S vart vidareført i 2010. Det er ein stor ”hjelpemiddelpark” i kommunen (stipulert verdi 10 – 15 mill. kr) som no blir drifta og koordinert på ein god måte, i samarbeid med ergoterapitenesta. Kort uteleveringstid og god service til brukarar.

Fysioterapitenesta

1,5 årsverk kommunefysioterapeut (50 % i vakanse i perioden 01.05 – 01.09)

Aktivitet:

- Samarbeid med jordmor: 2 svangerskapskurs, 3 barselgrupper
- Habilitering/individuell oppfølging av barn med særskilde behov

- 17 barn har hatt behov for individuell oppfølging.
- gruppebehandling rundt tre barn på skular (3 grupper)
- koordinator for individuelle planar, delteke på ansvarsgruppemøter
- Behandling og rehabilitering ved Tysnes sjukeheim
 - Totalt 23 brukarar.
 - I gjennomsnitt brukt ca 10-12 timer i veka på sjukeheimen. Prioritert rehabiliteringspasientar som har vore inne på korttidsopphald.
- Har gjennomført fleire vurderingar/tilpassing av rullestolar
- Har vore på to samarbeidsmøte i spesialisttenesta
- Har vore på hospitering i spesialisthelsetenesta to dagar.
- Heimebehandling av eldre og uføre
 - Totalt 14 brukarar har fått heimebehandling. Nokre har hatt behov for regelmessig behandling 1-2 gonger i veka, mens andre berre eit par gongar totalt.
- Hjelpemiddelvurdering/bestilling – også i samarbeid med ergoterapeut
- Førebyggjande fysioterapi:
 - fysioterapitenesta har ikkje hatt moglegheit til å prioritere spesifikke førebyggjande aktivitetar i 2010
- Fysioterapeutar deltek i samarbeidsmøte med heimetenesta og i møte i inntaks- og rehabiliteringsteam.

2.3.4. Sosialavdelinga

Sosial – og barneverntenesta

Sosialavdelinga har gjennom 2010 vore bemanna med tre årsverk, fordelt på sosialleiar, barnevernkonsulent og sosialrådgjevar. To av stillingane jobbar 50 % med statlege oppgåver. NAV - organiseringa er fullendt og resultatet er eit godt fungerande kontor, som enno krev endring og omstilling. I 2010 stabiliserte pågangen kring behovet for økonomisk sosialhjelp seg, etter ein kraftig auke i 2009. Det har likevel vore ein auke i behovet for økonomisk rettleiing. Kvalifiseringsprogrammet er godt implementert, og overskytande midlar vart omdisponert til å finansiera ein ruskonsulent for det kommande året. Barneverntenesta hadde ei dobling i talet uromeldingar som vart meldt i løpet av 2010. Det har vore eit auka press både kring hjelpetiltak og omsorgstiltak. Kommunen har søkt om midlar til styrking av barnevernet på bakgrunn av regjeringsa si satsing innan feltet.

2.3.5. Pleie-og omsorgsavdelinga

Tysnes sjukeheim

Innkjøp

- Ny oppvaskmaskin til hovudkjøkken
- Nytt kjøleskap til hovudkjøkken
- Nye oppvaskmaskinar til fløy B og D
- 2 nye toalett/dusjestolar
- Diverse hjelpemidlar og medisinsk utstyr

Kompetanse

- Eldreomsorgens ABC, utviklingsprogram gjennom sjølvstudium og Fagseminar, 14 deltakarar.
- Avdelingsleiar, miljøeining deltatt i nettverk, demens, og kommunalt demensteam.

- Avdelingsleiar, hovudavdeling fullført vidareutdanning i rehabilitering.
- Kurs ”Pleie til pasient med gastrostomi” v/ kir gastro, 3 deltarar.
- Seminar, ”Geriatri og Demens” kurs i regi av NSF, 4 sjukepleiarar.
- Kurs ”Omsorg ved livets slutt” Verdighetssenteret, 5 deltarar.
- Kurs ”utredning av demens” 1 sjukepleiar, miljøeining.

Midlane til opplæring og kompetanseheving er så små at me har ikkje sett oss i stand til å oppnå måla våre innan dette viktige feltet.

Rekruttering fagpersonell

Tilgongen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore utfordrande dette året og.

Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser me at me betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

Store stillingsstorleikar (75 % og over) rekrutterer bra. Samstundes opplever me at me slit med å rekruttere i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane, samt i vikariat.

Rekruttering av **kokekyndig personell** er eit anna sårbart område. Me har ikkje greidd å tilsetje ny kokk med fagbrev.

Å produsere varm mat kvar dag etter kok- server metoden gjer institusjonen og dei heimebuande som mottek varm mat sårbare m.o.t. fråvær ol. Ein kombinasjon av kok- kjøl metode ville ha sikra betre forsyning t.d i helgane.

Legedekninga er god og stabil, og tilgongen til fysioterapi har vore god.

Me har hatt lærling i helsearbeidarfaget i halve dette året.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møta utfordringane.

Arbeidsmiljø

- Sjukefråværet gjennom året var ca. 10 % Dette er under gjennomsnitt for sektoren og ein nedgang frå førre år (11,4 %).
- Styrkinga av lønsbudsjettet frå mars 2010 vart eit kjærkome høve til å auke opp bemanninga med ein ekstra på kveldsvakt alle vekedagar. Dette har ført til betre vilkår, både for dei tilsette og bebuarane.
- Mange medarbeidrarar saknar tettare oppfølging og tilbakemelding frå leiarane. Med ein arbeidstokk på 70 fast tilsette, og mange vikarar er dette ei stor utfordring med den leiartettleiken me har i dag.
- Mange senioravtalar med tilsette, der vi prøver å leggje til rette for å stå i arbeid ut over 62 år.
- Mange arbeidstakrar med helsetilpassingar som inneber lettare arbeidsoppgåver. Positivt for dei det gjeld, men kan føre til auka sjukefråvær, auka belastning for øvrig personale, og vanskeleggjer å gå utan vikar ved fråvær.

Kvalitet

- Me har arbeidd særleg med oppfølging av avvik og kultur for avviksregistrering dette året, og ser ei klar betring på det.
- Tilbakemeldingar frå brukarane er gode.
- Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttidsplassane til å trena opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Me har hatt fullt belegg gjennom heile året, men likevel ikkje ventelister for dei som har behov for det.

Økonomi

Rekneskapen syner at sjukeheimen har overforbruk dette året. Noko kan skuldast bruk av vi-karbyrå, men utan denne bruken, ville me nok sett større forbruk på postane ferievikar, fast løn, overtid og ekstrahjelp.

Senior- og helsemessige omsyn, og stor arbeidsmengd gjer at me oftare enn før må ta inn vi-kar.

Inneklima

Bygget er som før påpeikt i därleg stand, og prega av slitasje. Dette virkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar.

Generelt

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlighet, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timer i døgnet året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane me har til råd-velde.

Open omsorg

Tenesta er organisert som eitt område, med hovudbase i Uggdal og ein base på Hovland. Det er ein leiar som organiserer tenesta, med heimehjelp og heimesjukepleie. Tilsette: ca 40 personar. Årsverk: ca 22.

Ein fekk tilført nye ressursar tilsvarande 1 årsverk til drifta i open omsorg i budsjett 2010. Ressursane gav ei styrking av heimesjukepleien på vekedagar måndag - fredag på dagtid, og har vore kjærkomne ressursar.

Tenesta er med og gjer at brukarar kan bu lengst mogeleg i eigen heim. Ei utfordring innafor dette tenesteområde, er å gje godt nok tenestetilbod på kveldstid. Fleire av brukarane mottek også natteneste frå nattpatruljen (nattevakt ved Tysnes sjukeheim), for å vere trygg i eigen heim.

Pleie- og omsorgstenesta vurderer at ein greier å yte ei forsvarleg teneste når det gjeld tilbod om hjelp med måltid til brukarane sine.

Innføring av multidose til dei som treng hjelp med legemiddelhandsaming, har gjeve ei kvalitetsforbetring på denne delen av tenesta, og endra måte å bruke personellressursar på.

Tenesta avlastar brukar og legekontor ved at personell også utfører blodprøvetaking og andre prøvar, i eigen heim.

Økonomi

Personellressursar i open omsorg er samla, både heimehjelp og heimesjukepleie. Ein har stort sett greidd å halde seg innanfor budsjettet. Budsjettet rammer innanfor dette tenesteområdet samla sett.

Område det har vore fokus på/oppgåver

- grunnleggjande pleie- og omsorgsoppgåver.
- blodprøvetaking, injeksjonar, sårbehandling, intravenøs behandling.
- innføring av multidose som legemiddelhandsaming, 75 brukarar har dette.
- dokumentasjon, journal, iplos-registrering m.m.
- kvalitet, aktiv justering av arbeidsrutinar ved meldte avvik.
- gjennomført medarbeidarsamtalar, heimehjelp og heimesjukepleie.
- oppfølging av sjukemeldte vert gjort.

Innkjøp av utstyr

- CosDoc mobil, smarttelefon, 4 abonnement

Arbeidstøy

Alle tilsette, heimehjelp og heimesjukepleie, har arbeidstøy frå Tysnes Industri.

Kompetanse:

- 1 avdelingsleiar fullførte medareutdanning i rehabilitering våren 2010
- 1 sjukepleiar vidareutdanning i psykisk helsearbeid, deltid 2 år, 60 studiepoeng, oppstart hausten 2010.
- 1 sjukepleiar vidareutdanning i kreftsjukepleie, deltid 2 år, 60 studiepoeng, oppstart hausten 2010.
- 1 sjukepleiar deltek på eldreomsorgens abc.
- 1 TAF-læring vore i praksis våren 2010.
- 1 ordinær lærling starta opp (2 år) f.o.m. hausten 2010.
- 1-2 elevar vore i praksis frå Fitjar og Os v.g.skule.

Open omsorg profilerte tenesta på Udanningsmessa i Tysneshallen 04.11.10.

Rekruttering

Det er mest utfordrande å rekruttere i småstillingar, t.d. helg og vikariat. Det har vore nytta personell frå vikarbyrå delar av året, i vikariat og ved ferieavvikling.

Arbeidsmiljø

Tilbakemeldingane er eit godt arbeidsmiljø innafor open omsorg. Ein har dagleg faste treff- og møtepunkt på base/kontor, og faste møte kvar tysdag.

Sjukefråvær gjennom året:

Open omsorg ca 8 %. Totalt brukarar pr. 31.12.10:

Heimehjelp, heimesjukepleie, miljøteneste, bpa, omsorgsløn: 170

BPA: 1

Omsorgsløn: 7

Tryggleiksalarmar: 58

Trygde- og omsorgsbustader

Trygdebustader: 12 (1 av desse ledig)

Omsorgsbustader: 32 (2 av desse ledig)

Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Med fordel kunne ein hatt fleire tilrettelagde bustader å tilby, særleg nær omsorgsbasen.

Bustader p.u. Uggdal og Vågsmarka

Bustader pu Uggdal ansvar for 5 bebuarar i bustad, 1 i omsorgsbustad og 1 i privat husvære.
Bustader pu Vågsmarka ansvar for 6 bebuarar i bustad.

Situasjonen i begge bustadane har vore stabil i høve brukarane. Det er 4 ekstra ressurskrevjande brukarar som har 1:1 personelloppfølging delar av døgnet. Brukarane har vorte eldre, og hjelpeomfanget har auka. 1 brukar døydde november 2010. Personalet i begge bustadane er stort sett stabile. Det er vanskeleg å rekruttere fagpersonale til ledige stillingar, samt generelt å dekke helgestillingar.

Sjukefråvær i pu bustadane gjennom året: ca 10 %

Økonomi

Det er meirforbruk utover budsjetterte rammer på tenestene innafor begge bustadane. Det vert stort sett teke inn vikar ved sjukefråvær, noko som utgjer årsak til meirkostnad.

Det er mangel på bustader for psykisk utviklingshemma, særleg til nye yngre brukarar som skal flytte heimanfrå. Det er ei utfordring for kommunen å få tilrettelagt med nye bustader/bufellesskap for denne gruppa framover.

Dagsenteret pu

Dagsenteret har også dette året hatt aktivitetstilbud på tre stader; vedcentralen på Myklestad, MA-KA kafe og dagsenteret.

Personalsituasjonen

Me har totalt 3,18 stillingar fordelt på fem tilsette. Personalsituasjonen er stabil, og vikarsituasjonen har vore tilfredsstillande.

Tenestemottakarar

12 personar har nytta seg av dagsentertilbudet dette året. Alle som har søkt om plass, har fått tilbud om det.

Miljø

Me har stort fokus på arbeidsmiljøet og arbeidar ut frå målsettinga vår. Me har heller ikkje dette året hatt sjukefråver relatert til arbeidsplassen.

I 2010 hadde me 9 personalmøte med dagsenter-og kafepersonalet.

Utført i 2010

Dagsenteret organiserte felles aktiviteter i og utanfor kommunen.

Me har eit svært godt samarbeid med Grendatun. Dei har sett opp nytt kjøkken som me har fått komme med innspel til, for å stetta våre behov.

På Myklestad er dei starta med å isolera vedcentralen.

På dagsenteret har me over tid bytt ut gamle arvemøblar og utstyr.

Me har selt dagsenterprodukt på kafeen og på Husflidsbutikken. Julemessan gjekk greitt.

Økonomi

Økonomien har vore tilfredsstillande og me har også dette året gått med overskot.

Fokus framover

Me har jammleg evaluering av opplegget vårt og har stort fokus på godt arbeidsmiljø både for tenestemottakarane og personalet. Me arbeidar heile tida for å få eit best mogeleg tilbud ut frå dei rammene me har når det gjeld lokalitetar, personalressursar og økonomi.

Psykisk helsevern

Psykisk helseteneste i Tysnes kommune

- Psykisk helseteneste består m.a. av 100 % stilling + 50 % stilling psykiatrisk sjukepleiarar retta mot tenesta for vaksne brukarar.

- 20 % av 100 % stillinga som psykiatrisk sjukepleiar er trekt ut og skal arbeide i prosjekt ”Ytre Sunnhordland samhandlingsteam mot rus/psykiatri” frå og med 1. april 2010. Prosjektet skal vara frå 3 – 5 år. Helsedirektoratet støttar dette prosjektet med 1 mill kvart år, men kommunane Bømlo, Stord, Fitjar og Tysnes må bidra med eigne midlar.
- Psykisk helseteneste består og av 100 % stilling som psykisk helsearbeidar for barn og unge.
- Det er starta opp sorggruppe for barn og ungdom som har mista ein forelder. Denne sorggruppa vert driven i samarbeid med Den norske kyrkja i Tysnes kommune.
- TEBU – gruppa har hatt 3 møte i 2010.
- Assistent i 12% stilling ved aktivitetssenteret.
- Turgruppa ”Torsdagsturen” vert no leia av tilsett ved ”Kontakten”.
- Ein brukar har hatt behov for tett oppfølging i heimen på kveld/ helg. Det har vore leigd inn personar i engasjement tilsvarende 14 – 16 timer i veka heile året.
- Aktivitetssenteret for psykiatrisk brukarar har vore ope to dagar for veka heile året, også i ferieavviklinga.
- Leigekontrakten for aktivitetssenteret i Våge er reforhandla og gjeld for 5 nye år. Husleiga vil stige frå juni 2011.
- Ambulerande team frå Stord DPS har vitja kommunen fast ein gong for mnd. Det er då høve til rettleiing og pasientkonsultasjonar. Dette gjeld berre vaksne brukarar.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge har hatt høve til rettleiing ved Stord BUP frå hausten 2010.
- Brukarorganisasjonane LEVE – Helse Fonna og ADHD – foreininga i Hordaland har fått støtte med til saman kr 4000,-

Ressursutnytting

I psykisk helseteneste er det tilsett 2.6 årsverk. I tilegg kjem engasjement retta mot ein brukar, tilsvrar ca. 43 % stilling,(a kr 110 000,- pluss sosial utgifter og T-trinn) Til saman har det vore nytta ca. kr. 188 000,- på midlar til støttekontakt for 7 brukarar. 5 barn og unge med psykiske vanskar får tildelt sine støttekontaktar via budsjett ved NAV og barnevernet.

4 brukarar i Tysnes kommune har fått tett oppfølging frå Ytre Sunnhordland samhandlingsteam.

I psykisk helseteneste har ein hatt oppfølging av til saman 72 brukarar i 2010. Av desse er 40 brukarar under 18 år. Brukarar under 18 år skriv ein ikkje enkeltvedtak på.

Psykisk helseteneste nyttar tenestebil på deling med ergoterapitenesta og fysioterapitenesta

2.4 Landbruk- og teknisk etat

Utfordringane me fekk i 2009 varte ved langt ut i 2010. Etterdønningane etter innføringa av eigedomsskatt, problem med å rekruttera leiar på kart- og oppmålingsavdelinga og vanskar med å få på plass ekstrahjelp på byggjesaksavdelinga medførte opphoping av saker. I tillegg valte teknisk sjef å takka ja til å gå over i stillinga som plansjef for å konsentrera seg om kommuneplanen og reguleringssplanlegging. Nestleiar/avd. leiar teknisk drift vart konstituert i stillinga som etatsjef, medan stillinga som avdelingsleiar teknisk drift vart stilt i vakanse.

Dette, sett saman med sjukdom og vakant stilling i uteseksjonen, førte til at fleire planlagde driftstiltak ikkje vart gjennomførte. Noko ein kan sjå att i rekneskapen. Me fekk ikkje brukt dei budsjetterte midlane som planlagd. Investeringsprosjekta klarde me å følgja opp.

Gleda vart derfor stor då me i februar fekk på plass byggjesakshandsamar i eitt års engasjement (slutta i desember) og ny avdelingsleiar kart og oppmåling i full stilling frå juni. Gradvis fekk me på plass opplæringsplan og me klarte å stoppa opphopinga av ubehandla saker og dels ta unna av dei gamle sakene. Først i september var ny etatsjef på plass og etaten er etter stor innsats frå alle tilsette i god produksjon.

Nestleiar/avd.leiar teknisk drift sa seg opp i desember med tanke på AFP-pensjonering våren 2011 og avdelingsleiar byggesak har varsla at han vil gå av med pensjon hausten 2011. I tillegg har ein vaktmeister til varsla at han vil gå over i pensjonistane sine rekker i 2011. Utfordringane held dermed fram på etaten med å rekruttera nytt personell.

Etaten ser dette som eit naturleg høve til, i lag med rådmannen, å analysera kva for oppgåver me skal arbeida med i framtida, kva for kompetanse ein treng for å løysa oppgåvene og korleis ein skal organisera etaten for å sikra god flyt og struktur i tenesteproduksjonen.

Me har no erfart kor vanskeleg det er å levera tenester i eit snevert og personalfattig system, der stort sett 1 person utgjer fagekspertisen innan kvart fagområde. Det er derfor etaten som heile ser at å etablira nærrare samarbeid med, eller bli del av interkommunale fagløysingar / fagkontor vil sikra kontinuitet attraktive for fagutdanna personell, mindre sårbare ved sjukdom i ferieavviklinga og ved stillingsvakanser, enn me er no.

2.4.1 Organisasjon

Etaten er organisert med landbruk og teknisk sjef som leiar for 5 fagområde med kvar sin avdelingsleiar: - jordbruk, - skogbruk og vilt, - brann og byggjesak, - kart og oppmåling, og - kommunalteknisk drift, bygg og eigedom. Dette utgjer i sum årsverk dei siste 5 åra:

	Faktisk 2006	Faktisk 2007	Faktisk 2008	Faktisk 2009	Faktisk 2010
Sum årsverk	19,20	19,20	18,70	16,70	16,70

2.4.2. Politisk aktivitet

Vert presentert under kvart fagområde.

2.4.3. Økonomisk resultat. Drift og Investeringar

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av rådmannen.

Kommunen har vedteke eigne planar for:

- * Hovudplan for skogsvegar 1999. *Avfallsplan for SIM 2000/2003
- * Trafikkrafikksikringsplan 2001/2004 *Kystsoneplan
- * Hovudplan vassforsyning 2000/2004 *Risiko- og sårbarheitsplan
- * Hovudplan for avløp 2000/2005 *Oversiktsplan for skogbruket.
- * Landbruksplan 2004 *Kommuneplan 2003/2015

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar. Det er då viktig at det er felles forståing av planverket politisk og administrativt og at intensjonane i planverka vert følgt.

Kommunalteknisk drift

Rapport handlingsprogram/økonomiplan

Den verbale handlingsplanen i kommuneplanen er ikkje rullert i 2009. Av dei store investeringsføremåla vart Onarheim skule ferdigstilt etter omfattande rehabilitering. Bustadfelt Kataland i Lunde vart ferdigstilt og lyst for sal og nytt byggjesteg i Vågsmarka starta opp. Nytt reinseanlegg med ny utsleppsleidning for heile reinseområde Våge vart ferdigstilt, men nokre kompenserande tiltak står att til 2011. Gravarbilen "knakk i hop" og ny bil vart finansiert av oppsett løying til kjøp kommunebil. Prosjekt tømmerkai Elsakervågen har stoppa opp og det vart ikkje tiltak på gjestebrygga i Våge. Tilstanden for kommune-/tømmerkaien på Flatråker har sterkt negativ utvikling. Nokre mindre tiltak vert først realisert og restfinansiert i 2011.

Barnehageprosjektet og Sjukeheimprosjektet har ikkje landa "formelt" så det er på noverande stadie ikkje råd å sei noko om oppstart arbeid i marka.

Diverse prosjekt Enøk, klima og energiplan, Miljøfyrtårn

Kommunen har satt seg store mål innan desse områda og som må arbeidast inn i kommunen sine driftsoppgåver og investeringstiltak. Investering og drift må visa redusert energibruk og at energibruken vert klimanøytral så langt råd er.

Mål: Tysneshallen og Tysnes skule/symjehallen, ny sjukeheim/nytt omsorgssenter og ny barnehage må tilførast energi via geovarme.

PCB Sanering i 2010

Ljosarmaturar og vindauge - Gjennomført Onarheim skule som siste bygg med potensielle PCB-armaturer og vindauge med PCB i pakningane.

Kommunale bygg

Felles internkontrolltiltak alle bygg

Me har gjennomført årlege serviceavtalar inkludert internkontroll med tiltak innan brannsikring, El-sikring ma via termofotografering, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg samt førebygging Legionella. Me har avtale med Antisimex om årleg tilsyn og bekjemping av skadedyr. Tysnes kraftlag har gjennomført tilsyn på nokre av bygga, utan at vesentlege manglar vart påvist.

Vaktmeistertenesta si deltaking i utbyggingsprosjekt og bemannings-situasjonen medførte at fleire av dei driftsfinansierte byggetiltaka etter tiltakslista ikkje vart gjennomført, i hht oppsett budsjett. Nokre av desse oppgåvene er teke med igjen i budsjettet for 2011.

Grovt oversyn over gjennomførte driftsfinansierte tiltak i bygga i 2010

Skulebygg:	
Lunde skule	Utvida SD-anlegget til heile skulen. Restemateriell frå ombygginga på Uggdal skule.
Uggdal skule	Underetasjen vart som hastesak ombygd til barnehage og uteareal med leikeutstyr vart etablert.
Tysnes skule	Ferdigstilt jentetoalett barnesteg og malt ein del klasserom i samarbeid med skulen
Onarheim skule	Rehabilitert stort sett heile skulen
Barnehagebygg:	
Vågsmarka barnehage	Ordna SD-anlegget og brannsentralen med alarmoverføring (med mykje bruk av restemateriell frå rehabiliteringa av Uggdal skule)
Helse- og sosialbygg	Manglande taksteger til feiarbruk vart montert på alle bygga der det mangla. Utvendig maling vart gjennomført på Legebustad i Våge (Njardar) Omsorgsbustadane i Peralio, resterande maling PU-Våge, Trygdebustader Våge og Omsorgsbustadar Uggdal. Eit godt målear!
Sjukeheimen	Kald vinter medførte kalde rom, frosne røyr og dels lekkasjar. Oljebrennaren måtte skiftast.
Hovland bu & omsorgscenter	Første og andre etasje er ikkje i bruk. Bygget er i forfall.
Omsorgs- / trygdebustader Me har 44 slike.	1 Husvære i Trygdebustad i Uggdal vart komplett oppussa og 2 omsorgsbustader Hovland fått omlagt varmtvassberedarane med overgang frå dusjkabinett til skermveggar, for tilkomst dusj med rullestol. Varmtvassberedarar og ventilatorar vert utskifta i dei eldste bygga.
PU – bustader	
PU-Uggdal	2 husvære komplett pussa opp inklusive fellesareala. Rømingsveg i 2011
Gjennomgangsbustad	Me har eitt hus med 2 husvære. Vart soppvaska ute i 2010
Personalbustader	Utbetring av prestebustaden rakk me ikkje i 2010. Blir følgt opp i 2011. Usikker kostnad.

Renovasjon, slamtøming, avløp og vassforsyning

Felles for desse områda er at hovudplanane ikkje er revidert sidan dei vart laga og såleis er forelda og ikkje i tråd med utviklinga innan fagområda. Såleis vart heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane." Det vart gjennomført full slamtømerunde for hytter og hus i 2010.

Mål:

Kloakk Eidet - Rådhuset må etablerast parallelt med ny gangveg i området. Utviding slamavskiljar Lunde sentrum som følgje av bustadfelt Kattaland, alternativt tøme 2gg pr år. Me må oppgradera tilsyn- og vedlikehald av avløpsanlegga etter at tidlegare ansvarleg driftsoperatør har pensjonert seg. Hovudplanane må reviderast og nye tiltak arbeidast inn som del av kommuneplanarbeidet.

Andre avløpstiltak - Oppryddingstiltak - Ureining frå private anlegg

Ureiningssituasjonen i områda som Vee/Teigland, Gjerstadneset og andre område med meir enn 7 husstandar i same avgrensa område, må kartleggjast og tiltak iverksetjast. Tidlegare pålegg må følgjast opp og sluttførast.

Vassforsyning

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Plan for/etablering av reservevassforsyning og beredskap i hht hovudplan vassforsyning vart ikkje finansiert og realisert i 2010. Bør inngå nære samarbeid med vasslaga om tiltak. (Kople i hop vassforsyninga Uggdal og Våge?)

Kommunale vegar, kaier og bruer

Me har ca 62 km kommuneveg, 11 definerte bruer, og 9 større kaiar. Brøyting og strøing er sikra dei neste 4 åra med nye brøyteavtalar

Hovudplan veg

Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak. Planen er fullfinansiert i 2010. Avventa kommuneplanen.

Internkontroll og tilstandsrapport bruer og kaier

Me leiger hjelp frå SafeControll til å gjennomføra lovpålagde tilsyn med bruer og kaier. Siste rapport viser negativ utvikling for kai Flatråker. Elsakervågen kai er stengd, VestSkog føl därleg opp dette prosjektet. Amlandstø kai er òg stengd og betongkaien bør fjernast. Vedkomande bruer må rullelageret på Grunnasundet bru (til Skorpo) betrast og vegrekkverkene malast.

Ny og større gassdriven ferje til Våge medførte utviding av ferjekaien og landkara der. Utvidinga dels blokkerte tilflotet til dampskipskaien. Kommunen er i dialog med fylket og Statens vegvesen om kompenserande tiltak og utviding av dampskipskaien. Prosjektarbeid er starta. Utbetring truleg etter fellesferien 2011.

Gjerde og ferister

Overgang til utegåande storfe og sau medfører sterke krav til gjerdehaldet. Bør arbeida for gjerdeskjøn og fjerning av kommunal gjerdeplikt og ferister langs riksveg, fylkesvegar og kommunevegar. Kostnaden er sterkt aukande og langt over disponible budsjettrammer. Fylket har teke over vedlikehaldet av alle ferister på fylkesvegane.

Sikring/forsterking av kommunevegar

Auka tungtrafikk og nedbør/frost bryt ned vegane våre. Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane.

Kommunevegar asfaltering og vedlikehald

Øvregata i Uggdal vart som einaste kommunale veg asfaltert i 2010.

Mål:

Auka satsing på: grøfting, bortleding av vatn frå vegområdet, asfalttiltak og forsterking av vegane våre er viktig for å ivareta vegkapitalen. Vegkantane gror ned og me må òg auka sat-singa på kantslått og rydding langs vegane.

Trafikksikringstiltak/trafikksikringsplanen

Gangveg Uggdal - Ikkje finansiert tiltak i 2010

Gangveg Lunde - Plan ikkje ferdig i 2010

Aksjon skuleveg tiltak - Ikkje finansiert tiltak i 2010

Mål:

Gjennomføra gangvegtiltaka og trafikksikringstiltak for å auka trivnad og tryggleik i bygdene det gjeld. Bør vera gangveg mellom Uggdal og Våge. Trafikksikringsplanen bør reviderast.

Kommunale bustadfelt – tilrettelegging

Bustadfelt Kattaland i Lunde er ferdigstilt med til saman 14 kommunale tomter og 8 tomter regulert men ikkje tilrettelagt av grunneigar.

Bustadfelt Vågsmarka 6 med 29 tomter er under opparbeiding og vert ferdig våren 2011.

Ny tilkomstveg til Vågsmarka er under opparbeiding med steinoverskot frå ny gravplass i Våge. Resterande oppfylling koordinert med bygging gangveg og busslommer er klarert med fylket og arbeidet tek til våren 2011.

Mål :

Det må tablerast nye tomtefelt i Uggdal og Onarheim, det er berre få tomter att.

Gravplassar

Kommunen yter teneste til kyrkjeverja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Kyrkjeverja har reist spørsmål om samarbeidet bør utvidast til òg å gjelda vedlikehald av kyrkjene, bårehusa og toalett-anlegga. Dette er eit naturleg spørsmål, sett i relasjon til kor fint samarbeidet går på "grønt-sida". Kyrkjene er verneverdige og vedlikehaldstiltak på dei vil derfor truleg verta eit omfat-tande arbeid å få ansvaret for. Det krev styrking både økonomisk og auka personell, dersom ikkje andre oppgåver skal lida.

Utvindinga av gravplassen i Våge er ferdig, berre mindre garantiarbeid står att.

LANDBRUK

Jordbruk

Fleire søknader om finansiering hjå Innovasjon Norge har vore handsama. Ein ny driftsbygning for sau er under oppføring og ein driftsbygning for mjølkeproduksjon er under restaurering/modernisering. Ni stk søkte SMIL-midlar til 11 prosjekt. Tidelte midlar, kr 200.359, rakk til seks søkerar og seks prosjekt. Av NMSK-midlar er tildelt kr 76.400 til fire søkerar og der prosjektet "Skog utan grenser" er med.

Tre prosjekt er under oppfølging/arbeid, d.v.s. "Ledige gardsbruk/Slipp oss til – Ungdom inn i landbruket", "Nye næringar under gamle tak" og "Utsikt langs veg". Dei to fyrste er starta opp i år og verkar lovande, medan det til Rydding langs veg (som er eit samarbeidsprosjekt med Vestskog), viser seg å vere vanskeleg å skaffe folk til å utføre ryddings- arbeidet. Det er eit godt samarbeid med m.a. Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Norge, Vestskog, Landbrukstener Folgefonna og Norsk Landbruksrådgjeving. At det kommunale tilskotet til sistnemnde vert oppretthalde er viktig.

Vidare har det vore arbeidt med eit "Fadderprosjekt", "Liv Og lyst/Entreprenørskap Komanno", "Vegnamn" og "Klimaplan" i tillegg til lovsaker, rådgjeving m.m. Mykje av arbeidet er næringsutvikling. Materialet til "Gardskartprosessen Arealressurskart (AR 5)" er motteke i november. Dette vert eit omfattande arbeid, ikkje minst ved feltarbeid og markregistreringar på 580 eideomar.

Tal søknader om produksjonstillegg ligg stabilt på ca 90, det same gjør tal mjølkeprodusentar med 19 (derav fire i samdrift). Mange held jord og kulturmark i hevd og har småfe, men søker ikkje prod. tillegg. Det er grunn til å forvente store negative endringar her ved komande generasjonsskifte og det må reknast med aukande attgroing. For å kome utfordringane i forkjøpet og dempe verknaden, samt stimulere til fortsatt drift, bør det setjast av betydelege kommunale midlar der det kan søkjast tilskot/lån til div. tiltak.

Hjort og grågås fører til auka skader på eng/beite og mange brukarar vert påført store økonomiske tap. Forvalningsplanar er viktige hjelpebidrar, men enkelte stader nyttar det berre med hjortegjerde og fysiske tiltak.

Visjon

Få fram gode resultat av prosjektarbeidet samt fortsatt ha ei effektiv sakshandsaming. Få gjenopptek arbeidet med å etablere felles landbruksforvaltning ved kommunesamarbeid for å ivareta fagkompetanse og yte optimalt gjennom eit allsidig fagtilbod. Etablere kommunale tilskots-/lå nemidlar for å synleggjere at kommunen ynskjer og treng ei landbruksnæring som i tillegg til produksjon og verdiskaping tek i vare areal og kulturlandskap.

Skogbruk

Tysnes kommune har avgrensa administrative ressursar som vert nytta til skogbruks- og viltforvaltninga. Det er difor viktig å spela på lag med både Vest Skog BA og Fylkesmannen si landbruksavdeling, samt anna innleigd fagkompetanse for å utnytta potensialet.

Oppsummering

Trass i relativt gode tilskotsordningar til skogkulturarbeid og vegbygging, er potensialet langt frå utnytta.

I året har det vorte tilplanta ein del eldre hogstfelt, samt at det har vore gjort ferdig viktige skogsvegar, som både på kort og lang sikt vil verta viktige for å utnytta potensialet. Auka samspele mellom prosjekt ”Skog utan grenser”, skogeigarane og kommunen v/SFLMK vil gjea skogbruket meir synleg i åra framover!

Saman med Tysnes Skogeigarlag, Vestskog og lokal skogeigar vart det skipa til ein vellukka Skogfagdag på Onarheim i slutten av oktober.

Skogkulturaktiviteten

Som nemnt ovanfor er det gode tilskotsordningar som bør utløysa meir skogkulturaktivitet. I eldre hogstfelt vart det sett ut om lag 12.000 granplanter. Dette er eit viktig signal, og syner at samarbeidet med Vest Skog, som har hatt det administrative ansvaret for utføringa av arbeidet, er viktig og vert viktigare.

Diverre har det ikkje vore utført rydding i plantefelt dette året heller. Sjølv om ein i kommunen har eit etterslep i ryddearbeidet, er det viktig at dette vert prioritert frametter. Også her vert Vest Skog og deira nysatsing på både planting og rydding eit viktig bidrag. Nøkkelen for ein slik auke er aktive skogeigarar, som anten på eige initiativ eller saman med kommunen/Vestskog tek ansvar for framtidsskogen.

Skogsvegbygging

Det har vore ein bra aktivitet i skogsvegbygginga i året. Samla har det vore investert om lag 2,0 mill kroner i nye vegar, der det er gjeve 1,1 mill kroner i statstilskott.

Samla utgjer dette 3.241 meter med viktige skogsvegar, som løyser ut store hogstpotensiale i dei aktuelle områda. Vegane er også mykje nytta som tur- og rekreasjonsanlegg.

På Flatråker har omsider deler av skogsveganlegget der vorte ferdigstilt, der 1.180 meter er ombygd til bilveg og 320 meter traktorveg er avslutta.

På Onarheim er det bygd ferdig 1.000 meter skogsbilveg (Elsåkerfjellet), samt at det i same området er bygd 741 meter traktorveg, som alt er opprusta til skogsbilveg.

Hogst

Via Vest Skog har det vore omsett om lag 2.800 m³ tømmer frå Tysnesskogane, noko som utgjer ein samla verdi på om lag 755.000 kr. Sidan tømmerkaien i Alsakervågen framleis ikkje er utbetra, vert alt tømmeret levert over kai på Tømmervik i Stord kommune.

Utanom tømmeret som vert omsett gjennom Vest Skog, vert det hogge og skipa ut betydelege mengder med lauv- og barved til nabokommunane (m.a. Stord). I tillegg til dette, vert det også omsett ved lokalt i kommunen.

”Skog utan grenser” er eit prosjekt som Tysnes kommune har vore deltakar i gjennom fleire år. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Vest Skog og fleire kommunar i området. Kommunen har dei siste åra vore opptekne av å få mest mogleg årleg resultat frå denne investeringa. Dette har gjeve resultat, der både auke i hogst og planting kan synleggjera ei flott utvikling.

For å ytterleg halda fram og utvikla dette, vert det avgjerande at skogeigarane er engasjerte og prosjektet vert utvida til å ta tak i ryddig i plantefelt m.m.

Skogfagdag

I samband med hogsten og vegbygginga m.m. på Onarheim, vart det arrangert Skogfagdag i slutten av oktober. Fagdagen fanga interesse og det var over 50 deltararar frå både Tysnes og nabokommunane. Arrangementet var eit samspel mellom kommunen og andre medspelarar.

Viltforvaltninga

Oppsummering

Fornuftig forvaltning, men framleis stor hjortestamme i kommunen.

Hjortejakta: Av totalt 642 tildelte dyr, vart det felt 559 i året (496 dyr i 2009). Det gav ein fellingsprosent på 87, om lag det same som i 2009.

Etter stor skade på m.a. innmark vart minstearealet redusert frå 600 da til 400 da. Reduksjonen i minstearealet var også eit av tiltaka i den nye *Forvalningsplanen for hjort på Tysnes, 2010-2015*.

Forvalningsplanen vektlegg viktige prinsipp, målsetnadar og tiltak for forvaltninga. Det er avgjerande at valda kjenner til desse prinsippa og verktøya, som kommunen framover vil nytta seg av.

Forvaltninga legg stor vekt på skadesituasjonen og dokumentasjon av skade. Hjortevalda vil no få eit spesielt ansvar for å synleggjera og dokumentera skadesituasjonen i sitt område. Dei nye premissane har ikkje vore nytta i praksis, og valda har ikkje hatt nok tid til å utarbeida dokumentasjon for skadesituasjonen våren 2010. Det vart difor valt ein ”mjuk overgang” for tildeling av løyva i 2010.

Frå og med jakta 2011 vil det verta eit krav, at vald som søker om fråvik frå minsteareal skal leggja ved dokumentasjon på skadetilhøva.

Hjortakveld: Tradisjonen med hjortakveld vart vidareført i juni, der aktuelle fagtema innan den nye *Forvalningsplanen for hjort på Tysnes*, samla om lag 20 interesserte deltararar.

AREAL- OG BYGGJESAKER

Generelt

Ny plan- og bygningslov og planel som vart gjort gjeldande frå henholdsvis 01.07.10 og 01.07.09, har medført krav om meir omfattande sakshandsaming enn tidlegare. For å kunna løysa oppgåvene på ein rasjonell måte er det viktig at ein har rette ressursar til disposisjon, og ikkje minst nødvendig arbeidsro.

Storparten av sakene i 2010 har vore dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF-områda. Om lag 7 0% av sakene gjeld tiltak frå personar som bur utanfor kommunen. Tiltak vedr. hytter- og fritidshus m.m. i strandsona er framleis dominerande. Dei fleste klagene til dispensasjons-

saker og motsegn til reguleringsplanar, kjem frå miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland.

Utvikling i saksmengde

PBL.	2006	2007	2008	2009	2010
L/T totalt.	321	347	308	248	429
Andel delegasjonssaker.	127	129	117	104	217

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde. Inntektsutvikling: Om lag 4 % meir enn budsjettet.

Auke i antal handsama saker i 2010 må sjåast i samanheng med overgang til nytt lovverk og at det vart tilsett ein person på engasjement. Engasjementet vart avslutta i desember 2010 noko som kan medføra at ein framover ikkje vil få "unna" saker med lovpålagde sakshandsamingstider evt. at andre saker vert lagt på "vent". Konsekvensane kan verta at budsjettet inntekt for 2011 ikkje vert reell.

Saker i kø

I desember 2010 var det om lag 250 søknader i kø. Dette omfattar både søknader under håndsaming og nye søknader som ikkje er teke opp til realitetshandsaming.

Ulovlege utførte tiltak

I prosessen kring eigedomsskatteinnføringa vart det konstatert at det er trong for gjennomgang og kontroll av om lag 250 saker der det er tvil om det ligg føre nødvendige byggjeløyve for ulike bygg og anlegg. Desse sakene kjem i tillegg til sakene som går inn under pkt. 3.

Betalingsregulativ

Betalingsregulativet frå 2002 vart revidert av kommunestyret i sak PS 54/09. Det vart gjort ein vesentleg auke i gebrysatsane frå 2009 til 2010 for å få dei enkelte gebyra nokolunde i samsvar med kva som reelt blir utført av sakshandsaming. Grunna stor arbeidsmengde har ein ikkje fått vurdert nærmere sjølvkostprinsippet i regulativet. Regulativet for 2010 er vidareført til 2011.

Reguleringsplanar

Ferdighandsama i 2010: Bustad- og hytteområde i Kattaneset og naustplan på Nese. Følgjande planar er under arbeid: Hytteplan for Malmenestangen, bustad- og hytteområde i Teiglandsundet, naustplan i Humlevik, reguleringsplan for Våge, plan for Nesthuslia, båthamn Gjerstad, reguleringsplan Alsaker brygge inn mot Alsakervågen. I tillegg kjem endring av plan for Alsaker Brygge og Nyborg Hyttefelt.

Framtidsperspektiv

Behovet for revidering av noverande arealdel til kommuneplanen har vore særleg merkbart dei siste åra. Jfr. her andelen dispensasjonssaker, merknader og klager på vedtak frå m.a. fylkesmannen v/miljøvernnavdelinga. Arbeidet med rev. av arealdelen til kommuneplanen er sett i gang i 2010 og målsetjinga er at denne skal vera ferdig i 2011. Største utfordring i åra som

kjem er å få eit plandokument som kan vera eit meir tilfredsstillande og fornuftig verktøy for handsaming av einskildsaker, som både er i tråd med lokale og sentrale retningsliner.

Mål for 2011

- Min. oppretthalda kapasiteten og skaffa til vege ressursar for å kunna etterkoma lovpålagd sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutinar.
- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell i samband med den nye plan- og bygningslova.
- Revidering av betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m.
- Betring av sjølvfinansieringsprosent.
- Utarbeiding/revidering av informasjonssider på internett for publikum.

Brannvern og feiing

Utøving av tenesta har vore tilfredsstillande. Samarbeid med andre etatar som lensmann og ambulansepersonell har vore positivt.

Gjeldande brannordning

Kommunen si brannordning vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder. Brannordning forutset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef i deltidstillting og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore utan varabrannsjef. Avstand til brannstasjon gjer at einskilde mannskap har for stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Hovland inngår fire mannskap som ein del av hovedstyrken for m.a. å tilfredsstille krav om innsatsstyrke og innsatstid. Vaktordning her er ikkje etablert.

Litt spesielle tilhøve.

Svekking av beredskapen og forhold til dimensjoneringsgrunnlaget! Det er her viktig å merka seg at beredskapen er dimensjonert på grunnlag av antall risikoobjekt og fastbuande. Det er ikkje teke omsyn til at Tysnes er ein "hyttekommune", kor folketalet kan verta tredobla i ferrietid og spesielle helger. Svakheten vert særleg merkbar når brannmannskapet avviklar ferie og dreg ut av kommunen i same tidsrom. Eit anna moment er relativt lang forspenning- og innsatstid ved rekvirering av bistand frå nabokommunane, store avstandar, spreidd busetnad med manglande nærvær av tilstrekkeleg sløkkjevatn og beskjeden kapasitet på leidningsnett til dei private vassverka.

Utdanning/kurs

Ny utdanningsreform krev opplæring av hovedstyrken i regi av Norges brannskole. Kursinga vil fortsetje i åra som kjem for å etterkoma krava. Utgifter med opplæring utgjer ein vesentleg del av brannbudsjettet. Det må setjast av meir midlar til kursing dersom ein skal nå måla som er sett sentralt. Kurs som må prioriterast blant mannskapa er: Grunnkurs, utrykningssertifikat kode 160 og beredskapskurs trinn 1. Dette har og ei HMS side.

4 befall har formell godkjent utdanning til dei funksjonane dei no innehar, men brannsjefen manglar framleis ein varabrannsjef. Jfr. gjeldande brannordning og avvik i tilsynsrapport dagsett 16.08.2007 frå DSB.

Av skriv dagsett 25.01.08 frå DSB framgår mellombels fråvik frå utdanningskrav til brannsjefen sin stedfortreder for Torfinn Kongsvik, under føresetnad av at Kongsvik gjennomfører nødvendig utdanning innan 2 år. For å inngå i rolla som brannsjefen sin stedfortreder må Kongsvik fullføre beredskapsutdanning trinn III. Kongsvik fullførte denne utdanninga i nov. 2010, men er ikkje formelt tilsett som varabrannsjef.

Gjeldande brannordning forutset ein total styrke på 20 mannskap inkl. befall. Det er tilsett ny feiar med svennebrev etter at Jostein Meland slutta i jobben.

Tilsyn av § 13 objekt. Større bygg, anlegg, forsamlingshus etc.

Det har ikkje vore utført så mange tilsyn som ønskjeleg pga kursing og andre omstende.

Oversyn over utrykkingar

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Brann i bygning	1	2	2	1	2	2	3
Bilbrann	0	0	0	0	0	2	0
Pipebrann	1	1	3		5	4	1
Gras, lyng og mindre skogbrann	1	1	5		1		1
Unødig alarm	0	2	3	3	1	0	0
Annen assistanse	2	5	5	1	1	3	7
Biluhell	1	1	0	4	0	2	6
Meld. Om skogbrann	0	0	2*	1	0	0	0
(Bålbrann m.v.)	1	0	0	1	0	1	0
Branntilløp i bygning	2	2	3	2	0	0	0
HLR				1	1	2	0
Sum utrykkingar	9	14	23	14	11	16	18

Ut frå antal kan ein sei at 2010 ligg på normalen . Det er verdt å merke seg at det ikkje var alvorlige personskader eller omkomne i 2010.

Feiartenesta

Praktisk utøving av feiartenesta har fungert tilfredsstillande. Brannsyn på bustadhus har kome i gang. Nytilsett feiar fullførte påbegynt feierunde i 2010 og er no i gang med tilsyn i bustadhus før neste runde tar til.

Framtidsperspektiv

Største utfordring i åra som kjem er å halde på mannskapsstyrken og rekruttere nytt mannskap, oppretthalde neverande førebyggjande arbeid, opplæring og lovpålagd utdanning av heile brannvernstyrken og etablering av nytt nødnett. På den forebyggjande sida vil tilsyn i bustad og særskilte brannobjekt bli prioritert. På beredskapsida vil ein ha fokus på opplæring/kursing og motivasjon av mannskap.

Mål for 2011

- Iverksetjing av motiverande tiltak for å behalde noverande brannvernstyrke og rekruttering av nytt mannskap.
- Vidareutvikling av opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBSK. Gjeld og for både mannskapsstyrke og feiar.
- Vidareutvikling av røykdykkartenesta.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og oppfølging av brannordning og DSB sin tillsynsrapport 16.08.07.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Vidareutvikling av mannskapsstyrken på Hovland.
- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar. Vidareutvikling av HMS og internkontroll system.
- Oppfølging av tilsynsrapport/avvik frå DSB.
- Prioritere og fullføre tilsyn i dei særskilte brannobjekta i kommunen.

Kart og oppmåling

Det vart i 2010 tilsett ny kart- og oppmålingsansvarleg. Janine Freyboth tiltredde i juni 2010. I forbindelse med kompetanseoppbygging i oppmålingsavdelinga har avd.leiar begynt på studiekurs i Matrikkelkllære. I tillegg har begge sakshandsamarane på oppmåling starta på tingrettskurs.

Avdelinga har fortsatt eit 50% engasjement for å kvalitetsheve Matrikkelen i kommunen. Det vart innlevert konsulentoppdrag og sakene vart stort sett ferdigstilt sommar/haust 2010. Det vart budsjettet med ei inntekt på kr. 1.242.800,-. Det vart fakturert for kr. 804.830,-. Budsjettet vart dermed ikkje oppnådd i 2010.

Kartlegging 2010

Det vart utført kartlegging av høgdedata i form av laserskanning for heile kommunen. Det vart etablert detaljert høgdegrunnlag med generering av nye høgdekotar 1,0 m. Levering er planlagt mai 2011.

Statens kartverk har utført ajourføring og vedlikehald av kartdatabasen. Det vart levert ajourførte vegdata januar 2011. Dette er eit kontinuerleg kartleggingsarbeid som strekkjer seg over fleire år og er budsjettet i investeringsbudsjettet til Tysnes kommune.

Kartlegging 2011

Det er planlagt vedlikehaldskartlegging av kartdata for sør-austre delen av kommunen i 2011. Data skal leverast juni 2012.

Oppmålingssaker

Det er produsert 61 målebrev i 2010 og av desse er 49 tinglyst. Det er også tinglyst 8 målebrev som vart produsert før 2010. Det er produsert 13 matrikkelbrev i 2010, men desse blei ikkje tinglyst før årsskiftet. **Totalt blei det tinglyst 57 nye eigedommar i 2010.**

Det ligg 53 saker som venter på handsaming, derav er det 5 som skulle vente ifølgje ønskje frå rekvirenten. Dessutan er det 42 saker som er oppmålt og delvis ferdig og 23 ferdige saker som ikkje er avslutta sidan det manglar dokument frå rekvirent (sletting av heftelse, pantefråfall m.m.).

Mellombels forretning

I tillegg har me 33 mellombels forretningar som må fullførast. Det blei ikkje oppretta mellombelse forretningar i 2010.

Frå dei registrerte mellombels forretningar i byrjinga av 2010 er det no ferdig handsama 10 stk. Til saman har me no 33 registrerte mellombelse forretningar. Det gjenspeglar ein reduksjon av saksmengda på 23 %.

Desse sakene skal vere ferdig handsama etter Delingslova §2-6 med utstedt målebrev før 31.12.2012.

Når ein ser bort frå dei ferdige og delvis ferdige sakene, så har me ei **samla saksmengde på 86.**

Byggjefelt

Selde tomter i 2010

Det vart sold totalt 6 bustadtomter i 2010. Det er kjøpt tilbake 1 tomt i 2010, gnr. 152 bnr. 71 i Onarheim I.

Ledige tomter per i dag

Det er totalt 34 tomter som ligg for sal i byggjefelta våre per 31.12.2010. Det ligg 4 ytterligare tomter i byggjefeltet Jensvoll II som ikkje kan seljast eller bebyggast på grunn av rasfare. Det er så langt søkt om / tildelt **11 tomter** for kjøp i 2011.

Kommunale kart

Det er meir aktiv jobbing i 2011 med ajourføring av de forskjellige kommunale temakart, samt tilgjengelighet av kart for medarbeidarane (GIS/Line Innsyn) og publikum (Fonnakart). Det er planlagt å opprette eit digitalt planregister over reguleringsplanar og ajourføre VA-basen av Tysnes kommune.

Addressering

Det er oppretta ei arbeidsgruppe (Sæbjørn Humlevik og Fredrik Winther) for å vidareføre addresseringsprosjektet i Tysnes kommune. I 2010 vart det tildelt 17 nye vegadressar.